



KOMMUNEPLAN FOR HÅ KOMMUNE 2014-2028



ME LØFTER I LAG

INNHALD

Samfunnsdel

Innleiing	3
Kulturlandskapet	6
Visjon, mål og strategiar	8
Framskrivningar	9
Gode bu- og nærmiljø	20
Syssetting og næringsliv	22
Klima og energi	25
Kommunal beredskap	26
Kommuneorganisasjonen	29
Kommunale tenester	34

Arealdel

Føresetnader og arealbehov	41
Areal og utbyggingsstrategiar	49
Føresegner	64
Retningslinjer	74

Dei fleste fotografia i kommuneplanen er av Tord Paulsen. Han har dei siste åra tatt bilete frå Hå til bruk i bokverket om Hå kulturhistorie. Det kom to bøker hausten 2013, og to bøker hausten 2014.

Tord Paulsen sine bilete er ein dokumentasjon av livet i Hå i perioden bøkene vert skrivne, og han har fotografert hundrevis av håbuar. Nokre av bileta her vil du òg finna i bøkene, andre er «overskotsmateriale».

Flyfoto er tatt av Fredrik Refvem og Jon Ingemundsen, Stavanger Aftenblad.

INNLEIING

Hå kommune har utarbeidd ny kommuneplan for ein periode med historisk høg vekst. Høg vekst skaper store endringar og legg press på kommunen sine økonomiske ressursar, og på miljø og areal i tettstadene. Kommuneplanen skal behandle kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 16-årsperiode, i samsvar med plan- og bygningslova § 11. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggest til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

Kommuneplanutvalet vedtok 19. oktober 2010 at det skal utarbeidast eit nytt utkast til plan-program for ein samla revisjon av kommuneplanen så snart det nye kommunestyret er i funksjon. Nytt kommuneplanutval har utarbeidd forslag til planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplan for perioden 2014-2028. Kommunestyret la 14. juni 2012 forslag til planstrategi og planprogram ut på høyring. Med utgangspunkt i planprogrammets målsettingom å legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap, har kommuneplanutvalet utarbeidd ny kommuneplan.

Ny kommuneplan 2014-2028 bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk og konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka. Det blir sett på som avgjerande at fortettingsdelen blir verande høg for å nå målet om å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane, samtidig som kommunens bustadprogram tar sikte på å dreie veksten mot Stokkalandsmarka og dei mindre produktive areala i den søre delen av kommunen. Dei største konsekvensane av ny kommuneplan er utfordringar med omsyn til utbygging i tråd med overordna føringar som gjeld samordna areal- og transportplanlegging og tilrettelegging for vekst i dei nordlegaste stasjonsbyane, som vil legge beslag på jordbruksområde og gå på kostnad av omsynet til jordvernet.

Ny kommuneplan inneheld ein samfunnsdel, ein areal-del og føresegner til arealdelen. I tillegg ligg det ved eit hefte med konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalysar.

Kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret i møte 10. desember 2014.

SAMFUNNSDEL



KULTURLANDSKAPET

Landskapet i Hå vekslar mellom det karakteristiske slettelandet som grensar mot havet i vest, og mot heia og Høg-Jæren i aust. Det meste er gammalt kulturlandskap. Både langs kysten og i innlandet er det naturformasjonar og kulturlandskap som er verneverdige i nasjonal samanheng. Nord for Sirevåg er stranda ein del av «Jærstrendene landskapsvern-område». Det er òg område ved kysten og inne i landet som er fugle- og plantelivsfreda. Aniksdalsheia har eit større lynghei- og moreneområde som er verna, mens Håelva og Fuglestadsånå er verneverdige vassdrag.

«Jærbanen» var ferdig i 1878 og har i stor grad vore styrande for tettstadsutvikling, busetting og næringsutvikling i kommunen. Jærbanen er ved sida av Fv44 den viktigaste transportkorridoren mellom dei store arbeidsområda i nord og Eigersund i sør.

Jæren er blant dei viktigaste jordbruksareala i landet. Hå er den største landbrukskommunen i Noreg når det gjeld driftseiningar, sysselsette i jordbruket og næringsmiddelindustri, samt husdyr. Omtrent halvparten av arealet i kommunen er dyrka mark.

Kulturlandskapet er i stadig endring. Hå har gode føresetnadar for å kunne realisere større bustadprosjekt, næringsbygg, jordbruksbygging og vindkraftprosjekt. Samtidig har kommunen store natur- og kulturverdiar som det er brei semje om å ta vare på. Større inngrep bidreg til å forandre landskapet og naturopplevinga.

Desse er svært synlege på flate område som opne kystlandskap, men òg på toppar og høgdedrag. Dette påverkar opplevinga av eit område over store strekningar.

Hå har ei raskt veksande befolkning, og kommunen har ei omfattande utbygging av både tettstader, næringsareal, fritidsbusetnad og andre anlegg som er viktige for samfunnet. Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventede veksten i regionen, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

2.1 Mål:

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokka landsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jord vern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

2.2 Strategiar:

- Detaljering av langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.



VISJON, MÅL OG STRATEGIAR

I september 2014 deltok alle leiarar og hovudtillitsvalde på ei samling der dei blei utfordra til å arbeide med felles identitet basert på kommunevåpenet og steinbukken. Kommuneplanutvalet har hatt ein tilsvarande prosess der politikarane blei utfordra på det same. Etter desse prosessane står me igjen med ein felles visjon som både politikarar, tillitsvalde og administrasjon kan stå saman om:

3.1 Visjon

- Me løfter i lag

3.2 Delmål

Visjonen legg til rette for at kommunen kan vekse på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Viktige delmål i samband med dette er:

- Legge til rette for ei jamn befolkningsutvikling i kommunen og stasjonsbyane for å vidareutvikle sosiale nettverk og utnytte infrastrukturen.
- Legge til rette for utvikling av næringslivet.
- Legge til rette for eit godt leve- og oppvekstmiljø i alle tettstadene.
- Legge til rette for verdiskaping i form av formidling og underbygging av felles kulturverdiar.
- Legge til rette for at innbyggjarane har omsorg for kvarandre og at dei som treng omsorg, får det.

- Legge til rette for berekraftig forvaltning av miljø- og naturressursar.
- Legge til rette for at alle innbyggjarane skal ha god tilkomst til bygningar, utemiljø, produkt og tenester.
- Legge til rette for at alle innbyggjarane kan engasjere seg i utviklinga av lokalsamfunnet og kommunen.

3.3. Strategiar

Kommunen ønskjer å oppnå dette gjennom følgjande strategiar:

- Gjennom ein aktiv bustadpolitikk og målretta arealbruksplan (sjå del II arealdel).
- Gjennom ein aktiv næringspolitikk.
- Ved å føre ein aktiv miljøpolitikk.
- Ved å legge til rette fleksible tenester for unge, eldre og dei som krev ekstra omsorg.
- Gjennom oppvekstpolitikken.
- Ved informasjonsverksemd, ved brukardeltaking og ved å legge forholda til rette for politisk deltaking og styring.
- Ein serviceorientert og effektiv kommune som legg visjonen til grunn for sitt virke.
- Prinsippet om universell utforming skal leggest til grunn for nybygg, innkjøp og planlegging.



FRAMSKRIVNINGAR

4.1 Framskrivning av folkemengd

Tabellen under viser utviklinga av folketalet i Hå kommune i perioden frå 2000 til 2012. I denne perioden auka folketalet med 3714 personar. Befolkningsveksten tilsvarar ein gjennomsnittleg vekst på 310 personar i året.

Befolkningsveksten har vore spesielt høg dei siste 6 åra. Det skuldast i hovudsak høg nettoinnflytting og ei jamn auke i fødselsoverskotet. Frå 2007 til 2012 auka folketalet med 2560 personar. Befolkningsveksten tilsvarar ein gjennomsnittleg vekst på ca. 2,7 prosent eller 427 personar i året.

Kommunen legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå sitt hovudalternativ for framskrivning av folkemengd. Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

For å vise kor følsame berekningane er, vert Statistisk sentralbyrå sine framskrivningar baserte på alternative føresetnadar som vist i tabell. Framskrivningane viser at det kan forventast at folketalet vil vere mellom 22 557 i alternativet med lågast befolkningsvekst (LLML) og 25 909 i alternativet med høgast befolkningsvekst (HHMH) i 2028. Det er særleg føresetnadane om inn- og utvandring som fører til dei store forskjellane i resultat.


Statistisk sentralbyrå sine framskrivningar viser at det er forholdsvis liten spreiding i aldersgruppene frå 13 til 79 år, mens det er mest spreiding i aldersgruppene 0 til 5 år, 6 til 12 år og 80 år og eldre. Framskrivninga viser blant anna at det vil vere mellom 2160 (LLML) og 2261 (HHMH) personar mellom 67 til 79 år i 2028, mens det i aldersgruppa 0 til 5 år vil vere 1777 (LLML) til 2581 (HHMH) personar i 2028 og i aldersgruppa 6 til 12 år 2177 (LLML) til 2889 (HHMH) personar i 2028.

Tabell 1. Folkemengd 1. januar og endringar i året. 2000-2012

År	Folkemengd 1. jan	Fødselsoverskot	Nettoinnflytting	Folketilvekst	Folkemengde 31. des	Vekst i %
2000	13 921	125	-29	96	14 017	0,7
2001	14 017	116	69	186	14 203	1,3
2002	14 203	114	95	214	14 417	1,5
2003	14 417	109	43	153	14 570	1,1
2004	14 570	145	68	214	14 784	1,5
2005	14 784	130	-31	99	14 883	0,7
2006	14 883	130	61	189	15 072	1,3
2007	15 072	154	213	366	15 438	2,4
2008	15 438	179	332	511	15 949	3,3
2009	15 949	193	200	393	16 342	2,5
2010	16 342	189	292	480	16 822	2,9
2011	16 822	207	222	422	17 244	2,5
2012	17 244	188	202	391	17 635	2,3

Framskriving av forventta folkemengd i tettstadene og Hå kommune totalt er basert på Kompas-modellen. Framskrivingane fordeler folkemengd på tettstadene ut frå eit bustadprogram med «høg bustadbygging i Stokkalandsmarka og dei sørlege tettstadene» samt målsett befolkningsvekst, jf. Statistisk sentralbyrå sitt mellomalternativ. Resultatet viser at Kompas-framskrivingane ligg tett opp til MMMM-alternativet til Statistisk sentralbyrå.

Figur 1. Framskriving av folkemengd SSB og Kompas-modellen



Aldersgruppene vil etter Kompas-modellen si framskriving utvikle seg slik:

Tabell 2. Framskriving av folkemengd etter aldersgrupper (Kompas)

Aldersgruppe	2011	2028	Faktisk endring	Endring i prosent
0 år	284	352	68	24
1-2 år	608	708	100	16
3-5 år	883	1067	184	21
6-12 år	1743	2406	663	38
13-15 år	790	966	176	22
16-19 år	1042	1341	299	29
20-44 år	6272	8519	2247	36
45-66 år	4185	6107	1922	46
67-79 år	1235	2218	983	80
80-89 år	456	841	385	84
90+ år	137	136	-1	-1
Sum Hå kommune	17635	24660	7025	40

Dei fleste aldersgruppene vil ha ein monaleg vekst i perioden. Det vil bli ein auke samla sett i gruppene som treng barnehage- og grunnskuletilbod. Dei gruppene som inneheld flest yrkesaktive (20 til 66 år), vil vere om lag same del av totalbefolkninga i 2028 som i 2011. Det vil på skattesida gi tilnærma same relative inntektsgrunnlag for kommunen sitt tenestetilbod som i dag. Den sterke auken i aldersgruppene 67 til 79 år og 80 til 89 år gjer at kommunen må vere særleg merksam på auka behov for tenester innanfor eldreomsorga.

4.2 Langsiktig grense mot landbruk

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Langsiktig grense mot landbruket vil vere ei av dei viktigaste rammene for å styre arealbruken framover.

Det blir sett som avgjerande at fortettings- og transformasjonsdelen blir verande høg samtidig som kommunen sitt bustadprogram tar sikte på å dreie mykje av veksten mot Stokkalandsmarka. Bustadbygginga skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innanfor langsiktig tettstadsgrense mot landbruket. Det skal i fortettinga leggjast sterk vekt på å oppnå gode bumiljø, i form av trafikktrygge løysingar, tilgang til fri- og leikeareal og estetisk gode løysingar.

Til grunn for dette er det lagt at trafikkauka denne utbygginga vil medføre delvis kan løysast ved at trafikken kan leiast ut på eit overordna vegnett utanom tettstadene samtidig som jernbanen utgjer ryggraden i kollektivsystemet på Jæren. Ei vidareføring av dobbeltsporet og flytting av jernbanestoppet på Brusand kan bidra til å løyse bustad- og transportbehovet i kommunen, samtidig som det kan bidra til langsiktig vern av prioriterte landbruks-, natur- og kulturvernområde.



4.3 Bustad

Hovudmålet med planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Konsentrasjon av bustader i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka stiller store krav til tilstrekkelege og gode uterom, og til utforming og variert samansetting av den nye bustadmassen for å kunne ivareta bu- og områdekvalitetar.

Vurdering av kommunens bustadpotensial

I samband med rulleringa av kommuneplanen er det gjennomført grundige analysar av bustadpotensialet for tettstadene i Hå. Tabellen nedanfor viser ei oppsummering av moglege bustader ved utbygging av restarealet i gjeldande kommuneplan og moglege bustader ved utnytting av fortettings- og transformasjonspotensialet i kommuneplanperioden.

Tabell 3. Utbygging av restareal, fortetting og transformasjon (16 år, 2028)

Tettstad	Nærbø	Varhaug	Vigrestad	Stokkal.	Brusand	Ogna	Sirevåg
Restareal i gjeldande KP	365	217	178	1240		32	152
Hagefortetting	53	25	21		10	9	12
Feltfortetting	121	45	21		23	3	24
Transformasjon	131	3	1		10		4
Sum restareal og fortetting	670	290	221	1240	43	44	192
Erstatningsareal v/transform.	33 daa	16 daa	13 daa		3 daa		1 daa

Det vert sett på som avgjerande at fortettings- og transformasjonsdelen blir verande høg for å nå målet om å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det skal vere større merksemd på å sikre gode leve- og oppvekstmiljø.

Krinsvis program for bustadbygging

Bustadprogrammet som kommunen foreslår, kan føre til følgjande folketalsutvikling:

Tabell 4. Bustadprogram med framskriving av folkemengd etter krins

Krins	Bustad pr. år	2012	2028	Faktisk endring	Endring i prosent
Nærbø	49	8662	11562	2900	33
Varhaug	23	4162	5312	1150	28
Vigrestad	19	2390	2924	534	22
Stokkalandsmarka	54	766	2805	2039	266
Brusand	4	551	701	150	27
Ogna	5	460	528	68	15
Sirevåg	12	644	828	184	29
Hå kommune	166	17635	24660	7025	40

Gitt kommunen sitt bustadprogram kan høvesvis 39 og 20 prosent av all ny bustadbygging på Nærbø og Varhaug kunne skje gjennom transformasjon og fortetting i eksisterande tettstadsareal. Dette vil gi plass til 610 bustader på Nærbø og Varhaug. Tilsvarande vil 19 prosent av all ny bustadbygging kunne skje gjennom transformasjon og fortetting i eksisterande tettstadsareal. Dette vil gi plass til 515 bustader i Hå.

Tabell 5. Prosent bustader gjennom fortetting (16 år, 2028)

Krins	Bustadbehov	Fortetting	%
Nærbø	784	305	39
Varhaug	368	73	20
Vigrestad	304	43	14
Stokkalandsm.	864	0	0
Brusand	64	43	69
Ogna	80	11	14
Sirevåg	192	40	21
	2656	515	19

Behov for nytt bustadareal i planperioden

Tabellen under viser ei oppsummering av bustadpotensial og bustadbehov i planperioden, jf. vurdering av kommunen sitt bustadpotensial og krinsvis bustadprogram.

Tabell 6. Behov for nytt bustadareal i planperioden (16 år, 2028).

Tettstad	Nærbø	Varhaug	Vigrestad	Stokkal.	Brusand	Ogna	Sirevåg
Sum bustadpotensial	670	290	221	1240	43	44	192
Bustadbehov, jf. bustadprogram	784	368	304	864	64	80	192
Sum bustadbehov/bustadreserve	-114	-78	-83		21	36	0
Behov for areal ved 3 b. pr. daa	38 daa	26 daa	28 daa		7 daa	12 daa	

Areal sett av som nytt bustadareal

Ved denne rulleringa er det lagt inn areal på Nærbø, Varhaug og Vigrestad. I tillegg er det omdisponert ca. 42 daa frå næring til bustad i samband med ulike transformasjonsområde på Nærbø, Varhaug og Vigrestad.

Det er i samband med kommuneplanarbeidet for vidare utbygging av Stokkalandsmarka skissert ei mogleg vidare utbygging som omfattar 277 daa bustadareal. Dette omfattar eit naturleg avgrensa utbyggingsareal knytt opp mot eit nytt hovudvegssystem med tilknytning til fv. 44. Det er viktig at ein nå får lagt dei framtidige arealbehova på plass, slik at vegsystemet kan utformast slik at det også kan dekke behova som kjem på lang sikt.

I arealbehovsberekinga er det konkludert med eit behov for 7 daa nytt bustadareal på Brusand. Med den viste utbygginga av Stokkalandsmarka og Sandve, og ny veg frå fv. 44 og inn til dei nye utbyggingsområda, kombinert med flytting av jernbanestoppen, vil Brusand, Sandve og Stokkalandsmarka i stor grad framstå

som éin tettstad. Behov for bustadareal på Brusand blir dekkja gjennom den føreslåtte utbygginga i området samla sett.

Det ligg inne eit bustadfelt på Lindtjørn, og det er godkjent reguleringsplanar for to bustadblokker som ennå ikkje er begynte på. Dei ovanfor nemnde tilboda bør dekke behovet for bustadbygging på Ogna dei næraste åra. Om det skulle utvikle seg ytterlegare behov for bustadareal framover, kan dette vurderast ved seinare revisjonar av kommuneplanen, med atterhald om at vesentlege delar av områda kring Ogna er flaumutsette og at ein stor førekomst av anortositt ved Lindtjørn kan føre til at området ikkje kan disponerast til bustad.

Tabell 7. Areal sett av som nytt bustadareal

Krins	Daa
Nærbø	38
Varhaug	26
Vigrestad	39
Stokkalandsmarka	277
Sum	380





4.4 Areal til offentlege formål

Tettstadene er «heile samfunn» med service, skular, arbeidsplassar og møteplassar. Det gir høve til å leve i tettstaden, og ikkje vere avhengig av transport ut frå staden. Det bør leggast til rette for balanse mellom bustader, arbeidsplassar, rekreasjonsmoglegheiter og service.

Skular

Det vil med vedtak om å bygge Bø skule med plass til 550 elevar samt moglegheit for påbygg av ein 3. etasje på Motland skule ikkje vere behov for nytt areal til skular på Nærbø i planperioden, men det vil vere behov for ein ny barneskule på Rosk etter 2028.

Det er lagt opp til utviding av Varhaug skule med 90 elevplassar i 2016, og denne utvidinga vil gi skulekapasitet fram til 2026. Varhaug ungdomsskule har stor nok kapasitet fram til 2021. Utviding av ungdomsskulen på ca. 70 elevplassar vil gi stor nok kapasitet fram mot 2040.

Det vil vere god skulekapasitet på Vigrestad ut planperioden dersom det blir bygd ein ny skule i Stokkalandsmarka i 2020. Dersom en vel å skilje ut ein ny skulekrins for Stokkalandsmarka og Brusand, vil det vere behov for ein ny 1 til 10 trinn skule i Stokkalandsmarka. Ogna skule har kapasitet til forventa elevtalsutvikling for dagens skulekrins (Brusand, Ogna og Sirevåg).

Barnehagar

På Nærbø er det sett av areal til nye barnehagar på nye Bø skule, Motlandsmarka, ombygging av Vigre skule til barnehage, utviding av Loen barnehage, og det er planar om barnehage på Jærmuseet. Dette vil vere tilstrekkeleg fram mot 2028.

Framskrivninga av barnetalet viser at det er behov for å setje av areal til to barnehagar («Voll-garden» og Reiestad) på Varhaug i planperioden, mens det ikkje er behov for nytt areal på Vigrestad.

Med utgangspunkt i det aukande barnetalet vil det vere behov for to nye barnehagar i Stokkalandsmarka fram mot 2028. Det er i tillegg lagt inn areal til ein barnehage i tilknytning til ny jernbanestopp på Brusand. Barnehagen er tenkt å dekkje behovet for barnehageplassar på Brusand når Askeladden barnehage blir fasa ut.

I Sirevåg er det sett av ei for lita tomt med sikte på framtidig barnehage for Ogna og Sirevåg. Det er derfor behov for å utvide tomta.

Omsorgstenester

Klokkartunet er rus- og psykiatrisenter for kommunen, der òg regionale funksjonar alt er plasserte. Området er nå utbygd, både for lokale og regionale tenester. Det er behov for å sikre tilstrekkelig areal til framtidig og langsiktig utbygging av dette området.

Det er sett av nytt 10 daa til dekking av framtidige behov innan helse- og sosial i Stokkalandsmarka i forbindelse med sentrumsareala.

Kyrkjer

Det er vist mogleg kyrkjetomt Stokkalandsmarka i tilknytning til sentrumsområdet på 10 daa.

Idrettsområde

I tilknytning til sentrumsområdet i Stokkalandsmarka er det vist eit areal på 20 daa kor det kan opparbeidast ballbanar o.l.

Tabell 8. Areal sett av til nytt offentleg formål (16 år, 2028)

Krins	Offentleg formål	Areal
Nærbø	Offentleg eller privat tenesteyting	5 daa
Kviamarka	Offentleg eller privat tenesteyting	4 daa
Varhaug	2 barnehagar, utviding Klokkartunet	29 daa
Stokkalandsmarka	2 barnehagar, skule	42 daa
Brusand	Barnehage	8 daa
Sirevåg	Utviding barnehage	3 daa
Sum		91 daa

4.5 Næringsareal

Veksten i folketallet gjer det nødvendig å legge til rette for nye arbeidsplassar. Seinare tids utvikling viser at det har vakse fram ei rekke industribedrifter samtidig som det har kome eit mangfald av bedrifter knytte til oljenæring, bygg, anlegg og servicenæring. Utviklinga har ført til auka etterspurnad etter utbyggingsareal til næringsformål i Hå, særleg rundt tettstadene Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Stokkalandsmarka, men òg i Sirevåg. Kviamarka har status som regionalt område for næringsmiddelindustri.

Kommunen har som mål å avlaste presset på landbruksjord rundt tettstadene i nord med å tilby næringsareal i Kviamarka, Vigrestad/Stokkalandsmarka og sør i kommunen. Det må likevel vere noko areal disponibelt i Nærbø og Varhaug for å dekke bedrifter sine behov for lokalisering nær tettstadene og andre bedrifter, både med omsyn til transport og til veksten i folketal.


Det er eit mål for kommunen å ha noko generelt næringsareal tilgjengeleg i alle krinsane. Det blir lagt opp til at det bare er arbeidskraftintensiv næringsverksemd som kan rekne med å få næringsareal i tettstadene nord i kommunen, mens meir plasskrevjande industri bør lokaliserast lenger sør. Hå kommune vil arbeide for at Skoga næringsområde skal utviklast som eit tyngdepunkt for industrietablering i kommunen.

Offentleg eller privat tenesteyting

Det er vist to område for offentleg eller privat tenesteyting, eit område på Rosk mellom ny omkøyingsveg og Opstadvegen på 5 daa og eit område vest for Kviamarka i nærleiken av fv. 44 på ca. 4 daa.

Areal sett av til offentleg formål

Det er lagt inn totalt 91 daa til offentleg formål.



Målsetting:

- Tilgjengelege næringsareal i alle krinsane.

Strategiar:

- Legge til rette næringsareal for arbeidskraftintensiv næringsverksemd i tettstadene i nord, og meir plass krevjande industri lenger sør i kommunen.
- Hå kommune vil arbeide for at Skoga næringsområde skal utviklast til eit tyngdepunkt for industrietablering i kommunen.

Areal sett av til næring

Nytt areal i kommuneplanen omfattar generell næringsverksemd, område spesielt lagt til rette for prioritert verksemd (til dømes næringsmiddelindustri) og sentrumsareal (mellom anna for handel og kontorverkemd).

Tabell 9. Areal sett av til nytt næringsareal (16 år, 2028)

Krins	Næringsareal	Areal
Nærbø	Generelt næringsareal	39 daa
Varhaug	Generelt næringsareal	6 daa
Vigrestad	Sentrumsareal	14 daa
Stokkalandsmarka	Næring	9 daa
Kviamarka	Næringsmiddelindustri	26 daa
Gausland	Industriområde	69 daa
Sum		163 daa


Det er lagt inn 39 daa nytt næringsareal på Nærbø, 10 daa mellom fv. 215 Torlandsvegen og jernbanelinja og

29 daa mellom ny omkøyingsveg nord for fv. 181 Gudmestadvegen og eksisterande næringsareal på Bjorhaug/Pytten. 32 daa av dette er erstatningsareal for eksisterande næringsareal som blir omdisponert til bustadareal. Dei resterande 7 daa er nytt areal for etablering og utvikling av nye næringsbedrifter og arbeidsplassar i nordre delen av kommunen.

På Varhaug og Vigrestad er det ikkje lagt inn nytt generelt næringsareal til erstatning for det arealet som er medrekna omdisponert frå næring til bustad. På Varhaug er det omdisponert 6 daa frå bustad til næring. På Vigrestad er det i staden lagt inn 13 daa sentrumsareal som mellom anna kan innehalde handel og kontor.

Det er totalt lagt 66 daa sentrumsareal i Stokkalandsmarka, av desse er 10 daa tenkt til dekking av framtidige behov innan helse og sosial, 10 daa til kyrkje, 20 daa til idrettsområde og 26 daa til generelle sentrumsformål som handel og kontorverksemd. I tillegg 13 daa næring/sentrum i Stokkalandsmarka vest. Det er i tillegg lagt inn 13 daa næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsområde.

Kviamarka er eit regionalt næringsmiddelindustriområde. Det er lagt inn eit område for næringsmiddelindustri på 20 daa, lokalisert som utviding av den vestlege delen av Kviamarka, samt eit område på ca. 6 daa i tilknytning til Miljøgartneriet AS sitt område.



Området på Gausland som Jærbetong AS nyttar er i tidlegare kommuneplan vist som ervervsområde og som område for masseuttak. Området tas i sin heilskap inn som ervervsområde, utover omdisponeringa av 52 daa masseuttak til erverv blir det tilført ca. 17 daa nytt næringsareal.

Det er ikkje lagt inn meir næring i dei sørlege delane av Hå.

4.6 Masseuttak

Areal sett av til masseuttak. Det er lagt inn to område for masseuttak, eitt av dei sør for Bjårvatnet, ikkje langt frå fv. 44 ved Brusand, det andre sør for det etablerte masseuttaket på Oгна (Varden).

Tabell 10. Areal sett av til masseuttak

Krins	Daa
Brusand	24
Oгна	40
Sum	64

4.7 Grønstruktur

Tilgangen til grøne areal har positiv innverknad på innbyggjarane si psykiske og fysiske helse, og ser i tillegg ut til å vere viktig for motorisk og sosial utvikling hos

barn. Det fysiske miljøet i tettstadene vert endra ved at grønstrukturen vert redusert og fragmentert over tid. Ved å kartlegge grøntområde og foreslå nye, ønskjer kommunen å bremse, eller aller helst stoppe, nedbygginga av sentrumsnær grønstruktur i tettstadene. Kommunen sin grønstruktur er kartlagt i ein eigen grønstrukturplan.

Målsetting:

- Etablere ein framtidig berekraftig grønstruktur for kommunen, med fokus på Nærbø, Varhaug og Vigrestad.

Strategiar:


- Sikre eksisterande grøntområde og kartlegge behovet for oppgradering, vedlikehald, eventuelt bevaring av eksisterande område.

Areal sett av til grønstruktur

I tråd med målsettinga er det lagt inn grønstruktur i samband med nye utbyggingsområde i tettstadene.

Tabell 11. Areal sett av til grønstruktur

Krins	Daa
Nærbø	18
Varhaug	14
Vigrestad	14
Stokkalandsmarka	86
Sum	132





4.8 Infrastruktur

Kommuneplanen bygger på at den sterke folkeveksten som har vore dei siste åra skal vidareførast i perioden fram mot 2028. Dette vil stille store krav til utbygging av den offentlege infrastrukturen.

Transport og vegnett

Ein vesentleg del av bustadbygginga skal skje gjennom fortetting i allereie utbygde område. Viktige føresetnader for dette vil vere:

- Det må etablerast eit vegsystem som kan leia den auka biltrafikken ut av bustadområda og til eit overordna hovudvegnett.
Dei viktigaste hovudvegprosjekta er:
-Ny omkøyingsveg nord og aust for Nærbø
-Ny omkøyingsveg nordaust for Vigrestad
-Forlenging av Haugstadvegen sørover og fram til fv 133 lagt i ny trase fram til fv 44 nord for Brusand.
- Vidareutvikling av Jærbanen med dobbelspor og halvtimes rutefrekvensar mellom Sandnes og Eigersund. Flytting av jernbanestasjonen på Brusand nordover mot Stokkalandsmarka.
- Vidare satsing på trafikktryggleik med utbygging av eit samanhengande gang- og sykkelvegnett, utbetring av farlege trafikkpunkt og tilrettelegging av miljøtiltak i lokal- og bustadgater.

Rekreasjon og grøntanlegg

Ein viktig føresetnad for ei konsentrert utbygging av bustader er at det er god tilgang til felles opphalds-, leike- og turområde.

- Det må etablerast eit samanhengande nett av grønkorridorar i tettstadene med tilrettelagde leike- og opphaldsareal, som kan binde saman bustadområda innbyrdes og bustadområda med viktige målpunkt som barnehage, skule, idrettsanlegg osv. Det er utarbeidd ein eigen Grøntplan som gir nærare retningslinjer for utbygging av eit slik nett.
- Det må etablerast tursamband som bind saman tettstadene og viktige turmål som Synesvarden, Jærestrendene landskapsvernområde og andre viktige friluftsområde.

Avløpsnett og overvatn

Utbygging av nye areal kombinert med sterk fortetting og klimaendring med endra nedbørsintensitet vil medføre store utfordringar når det gjeld bortleing av overvatn:

- Overvassnett må utbetrast og oppdimensjonast for å leie bort auka avrenning.
- Både i nye utbyggingsområde og i allereie utbygde område må det sikrast flomvegar t.d. i grønkorridorane for dei tilfella overvassnett blir overbelasta.
- Det må i nødvendig grad byggast utjammingsbasseng og liknande.
- Det må planleggast og gjennomførast tiltak i vassdraga for å motverke flaum.
- Sanering av avløpsnett må vidareførast.

Vassforsyning

Ei sikker og god vassforsyning er viktig for innbyggarane og ikkje minst for næringslivet med landbruket og næringsmiddelindustrien som store og viktige sektorar i kommunen. Arbeidet med å sikre og styrke vassforsyninga må vidareførast gjennom:

- Etablering av tosidig forsyning til alle delar av kommunen.
- Styrke arbeidet med å utbetre vasslekkasjar og redusere vasskjøpet frå IVAR.
- Arbeidet med utskifting av asbestsementrøyr må fullførast.

Klima og miljø

Klimaendringane er merkbare i Hå gjennom m.a. auka nedbørsmengde og nedbørsintensitet. For Hå kommune er det viktig å satse på viktige tiltak som:

- Styrke kollektivtransporttilbodet gjennom utbygging av Jærbanen med dobbelspor og halvtimes rutefrekvensar.
- Ein restriktiv parkeringspolitikk i sentrumsområda, særleg omkring jernbanestasjonane, med innføring av maksimalkrav til parkering og frikjøpsordning for etablering av felles parkeringsanlegg.
- Utskifting av gamle gatelyslampar med nye energisparande ledlyslampar.
- Vidareutbygging av fjernvarmenettet. Alle kommunale bygg bør leggast til rette for vassbåren oppvarming og knytast til fjernvarmenettet der dette er mogleg.
- Systemet for sortering, innsamling og levering av avfall skal vidareutviklast mot ei mest mogleg klima- og miljøvenleg ordning.
- Effektivisera energiforbruket i kommunale bygg med 10 prosent innan 2015.
- Nye bygg med areal over 1 000 m² bør byggast som lågenergibygg, minimum klasse B.



GODE BU- OG NÆRMILJØ

Bustaden og nærmiljøet dannar ei ramme for dagleglivet. Bustadområdet er ein arena for sosial kontakt, og buforholda har innverknad på helse og trivsel. Det er viktig å legge til rette for gode bu- og nærmiljø for alle i Hå kommune.

Det kan lett oppstå konflikt mellom målet om å legge til rette for vekst i tettstadene og delmålet om å sikre gode levekår og oppvekstmiljø. Konsentrasjon av bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka stiller store krav til tilstrekkelege og gode grøntområde og uterom i tettstadene, og til utforming og variert samansetting av den nye bustadmassen for å kunne ivareta bu- og nærmiljøkvalitetar. Gangforbindelsar til nabolag, grøntområde og uterom har betydning for alle delar av befolkninga, men barn, eldre og funksjonshemma er avhengige av korte og enkle vegar. Universell utforming inneber at alle skal kunne delta i samfunnet på like vilkår.

Dei gode bu- og nærmiljøa blir til i samspel mellom innbygarane, fellestene kommunen yt og aktivitetar i lag og foreiningar. Sistnemnde tar ofte initiativ og gjennomfører tiltak som har betydning for nærmiljøet. Kommunen vil derfor støtte opp om desse, slik dei kan fortsette med arbeidet sitt.

5.1 Lag og foreiningar

Det er eit rikt organisasjonsliv i Hå kommune. Lag og foreiningar driv eit samfunnsnyttig arbeid som fremjar trivsel og verkar førebyggjande. Arbeidet blir i hovudsak gjort av frivillige.

Å oppretthalde og vidareutvikle barne- og ungdomstilboda i det frivillige organisasjonslivet er viktig for å ha gode bu- og nærmiljø. For å legge forholda til rette, har kommunen gått inn med støtte til drift av lag og organisasjonar som driv barne- og ungdomsarbeid. Kommunen gir òg støtte til investeringar i idretts- og

kulturbygg/-anlegg, særleg med sikte på gode aktivitets-tilbod for barn og unge.

Ein viktig utfordring er å trekke flest mogleg inn i arbeidet med å organisere tilbod til grupper som fell utanfor deltaking i sosial og kulturell samanheng. Lag og foreiningar, kommunale fritidstilbod samt kyrkjelege organisasjonar har ei viktig rolle i dette arbeidet ved at dei ofte legg til rette for aktivitetar.

Det må vere ei målsetting å integrere innbygarar frå andre kulturar. Særleg vil dette vere viktig i forhold til barn og unge si deltaking i kultur- og fritidstilbod.

Eit anna verkemiddel er å organisere ein del av arbeidet i ein frivilligsentral. Frivilligsentralen er eit bindeledd mellom dei som ønskjer å gjere ein frivillig innsats i nærmiljøet og dei som ønskjer å ta imot ein slik innsats. Frivilligsentralen skal fungere som ein møteplass mellom enkeltmenneske, frivillige organisasjonar og det offentlege.

Målsettingar:

- Skape trygge nærmiljø der innbygarane tar ansvar for kvarandre.

Strategiar:

- Legge til rette for uformelle møteplassar, sjølvhjelpsgrupper og ubetalt nabohjelp for alle.
- Økonomisk støtte til lag og foreiningar.
- Regulering av areal til prioriterte bygningar og anlegg.

5.2 Kyrkja

Det kristne verdigrunnlaget er ein del av grunnlaget for vår felles kulturarv. Kyrkja og dei mange laga og organisasjonane som høyrer til denne gjer ein svært viktig samfunnsinnsats i førebyggjande arbeid for barn og unge og i eldreomsorga.



Mykje av arbeidet i kyrkja bygger på frivilligheit. Kommunen vil støtte dette arbeidet. Dette er for det meste regulert av sentralt fastsette ordningar.

Innanfor området som er avsett til offentlege formål vil det vere plass til kyrkje i Stokkalandsmarka når det er behov for det.

5.3 Andre trussamfunn

Det er ikkje alle innbygarane som soknar til Den norske kyrkja. Kommunen er positiv til å stille rom i kommunale bygningar til disposisjon for andre trussamfunn og/eller livssynsorganisasjonar til seremoniell bruk eller behov.

Det bør òg settast av areal i gravlundar for andre trusretningar/livssyn.

5.4 Universell utforming

Ein god kommune legg til rette for at alle skal kunne ta del i samfunnslivet. Med universell utforming meiner ein planlegging og utforming av produkt og omgjevnadar for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle.

Universell utforming skal betre tilgangen for alle. Universell utforming har særleg fokus på personar med nedsett funksjonsevne knytt til mellom anna syn, hørsel, rørsle, forståing og varleik for miljøpåverknad. Gjennom fokus på universell utforming vert innsatsen samla og styrka for auka tilgang til bygningar, utemiljø, produkt og andre viktige samfunnsområde.

Målsetting:

- Auka tilgang til bygningar, utemiljø, produkt og andre viktige samfunnsområde.

Strategiar:

- Prinsippet om universell utforming skal leggest til grunn for nybygg, innkjøp og kommunal planlegging.
- Lett tilgjengelege tenester og service (barnehage, skule, ballplass, parkområde, nærbutikk, eldresenter bør kunne nåast).
- Enkel veg til sentrum og jernbanestasjon i tettstadene.
- God forbindelse til større grønne område.

SYSSELSETTING OG NÆRINGS LIV

6.1 Sysselsetting og pendling

78,5 prosent av befolkninga mellom 15-74 år i Hå kommune er sysselsette. Frå 2007 til 2011 har talet på sysselsette auka med ca. 1000 personar, samtidig som talet på personar som pendlar ut av Hå har auka med ca. 700 personar. Det er omtrent dobbelt så mange som pendlar ut av kommunen som inn. Dette gjer det endå viktigare å legge til rette for ein viss vekst i generelt næringsareal i alle krinsane. Alternativet vil vere at så godt som all vidare folkevekst må finne arbeidsplassar lenger nord i regionen, eventuelt heilt sør i kommunen når det blir tyngde i næringsutviklinga.

Tabell 12. Befolkninga og sysselsette

	2007	2008	2009	2010	2011
Sysselsette personar busette i Hå	8628	9003	9104	9343	9661
Personar som pendlar ut av Hå	3441	3672	3759	3897	4172
Personar som pendlar inn i Hå	1890	1894	1900	1926	2031
Personar busette i Hå med arbeidsstad i Hå	5187	5331	5345	5446	5489
Sysselsette personar med arbeidsstad i Hå	7077	7225	7245	7372	7520
Sysselsette i prosent av befolkninga 15-74 år	79,4	79,9	78,5	78,0	78,5

Pendlingsstraumen viser at 27 prosent av dei som pendlar ut av kommunen arbeider i Time, 20 prosent arbeider i Stavanger, og 17 prosent arbeider i Sandnes. 76,6 prosent av dei som pendlar ut har arbeidsstad i kommunar som ligg langs Jærbanen; tilsvarende har 71,9 prosent av dei som pendlar inn arbeidsstad i kommunar som ligg langs Jærbanen. Tilrettelegging for syklende og gåande, tilgjengeleg parkering og lokalisering av bustader og arbeidsplassar kan bidra til auka bruk av Jærbanen.

Tabell 13. Pendlingsstraum inn/ut av Hå i prosent

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut
Stavanger	5,3	19,8	6,0	18,2	6,4	18,2	6,0	17,2	5,5	17,4
Sandnes	15,6	16,6	15,3	17,3	15,8	17,8	15,6	17,9	17,1	17,6
Klepp	19,2	13,9	18,7	13,7	18,4	14,3	19,4	14,5	20,2	15,4
Time	30,3	26,9	30,3	27,7	30,7	27,2	30,5	26,2	29,1	26,2
SUM	70,4	77,2	70,3	76,9	71,3	77,5	71,4	75,8	71,9	76,6
Tal personar som pendlar	1330	2656	1332	2824	1355	2913	1376	2954	1461	3196
Sola	2,0	6,9	2,1	7,7	2,1	8,1	1,9	8,3	2,2	8,7
Gjesdal	4,4	1,2	4,3	1,4	4,1	1,3	4,9	1,5	5,0	1,5
Eigersund	9,4	3,8	8,9	3,3	8,7	3,1	8,7	3,5	7,7	3,1
Andre	13,9	10,9	14,4	10,7	13,8	10,1	13,1	10,9	13,2	10,0
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Totalt personar som pendlar	1890	3441	1894	3672	1900	3759	1926	3897	2031	4172

6.2 Arbeidsplassar

I 2007 var det registrert 7077 arbeidsplassar i Hå. Talet på arbeidsplassar har auka med 443 i perioden 2007 til 2011, ca. 89 arbeidsplassar i året. Industri og olje, bygge- og anleggsverksemd, helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske hadde flest arbeidsplassar i perioden.

Jordbruksnæringa står sterkt i kommunen. Hovudvekta av jordbruket ligg på husdyrbruk med grasdyrking. Hå kommune er blant dei største landbrukskommunane i landet etter driftseiningar, tal på sysselsette i jordbruket og næringsmiddelindustri, samt talet på husdyr.

Stavangerregionen sin vekst i olje- og gassindustri over lang tid har ført til fleire industrietableringar over heile Jæren. Veksten i oljenæringa har ikkje bare gitt rom for industrietableringar, men gjer seg òg gjeldande innanfor bygge- og anleggsverksemd. Kommunane på Jæren har opplevd ein sterk vekst i etterspurnaden etter bustader og næringsareal. Det har gitt vekst i bygge- og anleggsverksemd.

Det har vore ein marginal nedgang i Hå innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, industri og olje, bygge- og anleggsverksemd, overnattings- og serveringsverksemd, mens den største veksten har vore innanfor helse- og sosialtenester og tenesteyting generelt.

Talet på sysselsette går likevel ned, og det er behov for areal for alternative arbeidsplassar.

Tilgang på areal er ein viktig lokaliseringsfaktor for etablering av ny næring i kommunen. Det viktigaste er å ha areal tilgjengeleg med tilhøyrande teknisk infrastruktur. For å imøtekomme næringslivet sitt framtidige rekrutteringsbehov, kan ein god arena mellom skule og næringsliv vere positivt. Det gjeld òg for framtidige arbeidstakarar med annan kulturbakgrunn.

Målsetting:

- Legge til rette for utvikling av næringslivet.

Strategiar:

- Tilgjengelege areal med tilhøyrande infrastruktur.
- Rask saksbehandling med god kvalitet.
- Skape gode møteplassar mellom skule og næringsliv i kommunen.



Tabell 14. Arbeidsplassar fordelt på bransjar

	2008	2009	2010	2011
Jordbruk, skogbruk og fiske	12,8	12,7	12,5	11,2
Industri og olje	20,3	20,2	19,5	19,9
Bygge- og anleggsverksemd	16,8	16,6	16,4	16,7
Varehandel	10,5	9,3	9,3	9,4
Overnattings- og serveringsverksemd	1,6	1,1	1,4	1,2
Offentleg administrasjon	4,9	5,0	4,9	5,1
Undervisning	7,6	7,8	7,6	8,1
Helse- og sosialtenester	14,3	16,0	16,7	16,3
Tenesteyting	11,1	11,3	11,7	12,1
SUM	100,0	100,0	100,0	100,0
Tal arbeidsplassar	7225	7245	7372	7520



KLIMA OG ENERGI

Berekraftig forvaltning av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabildet framover viser. Prosessutslepp frå landbruket står for ca. 65 prosent av klimagassutsleppa, forbrenning av naturgass for ca. 15 prosent og mobil forbrenning for ca. 20 prosent.

For Rogaland har det vore eit mål å nytte gass som grunnlag for næringsutvikling og for å erstatte tungolje. Dette har ein lukkast med i Hå, der naturgassen har vore ein viktig ressurs for den auka industriaktiviteten. Samtidig er bruk av naturgass den største bidragsytaren til auka klimagassutslepp i kommunen. Gassforbruket har auka mykje, frå 8 GWh i 2000 til minst 110 GWh i 2011. Desse omsyna må vegast mot kvarandre, og kommunen er derfor engasjert i arbeid for auka bruk av spillvarme og dampproduksjon frå fornybare kjelder, samt innfasing av biogass i gassnettet. Biogassproduksjon frå husdyrgjødsel vil samtidig redusere klimagassutsleppa frå landbruket.

Klima- og energiplanen fokuserer på tiltak for å effektivisere energiforbruket og redusere klimagassutslepp knytt til kommunal verksemd. I planperioden er det fleire store kommunale byggeprosjekt som skal realisere, der energiklasse og val av energiløysingar vil legge premisser for framtidig effektiv drift.

I forhold til kommunen sitt arbeid som samfunnsutviklar, ønskjer ein å fokusere på følgjande område: vindkraft, klimatiltak i jordbruket, fjernvarmeutvikling, nybygg og energimerking, haldningsskapande arbeid, arealbruk og transport. Som planstyremakt har kommunen gode moglegheiter, og stort ansvar, for å legge til rette for rasjonell utnytting av energi. Det inneber blant anna å oppfordre til, eller krevje, bygging av energieffektive bustader, fornuftig bruk av eksisterande og eventuelt ny energiinfrastruktur, og utnytting av spillvarme og fornybare energikjelder i større grad. Areal- og transportplanlegging som fører til redusert transportbehov, auka kollektivdel og overgang til alternativt drivstoff vil bidra til å redusere klimagassutsleppa.

Målsetting:

- Redusere klimagassutslepp gjennom rasjonell utnytting av energiressursar og infrastruktur.

Strategiar:

- God areal- og transportplanlegging.
- Effektivisere eige energiforbruk.
- Legge til rette for gode energiløysingar for industri og bygningar.
- Arbeide for betre rammevilkår for biogassproduksjon.

KOMMUNAL BEREDSKAP

Den kommunale beredskapen har i seinare år blitt meir fokusert mot katastrofar og større ulukker, og mindre mot krig. Sivilvernlova seier at kommunane må arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik, og ivareta befolkninga sin tryggleik. Kommunane skal i størst mogleg grad drive verksemdar og yte tenestetilbod som normalt under kriser.

Kommunane blir pålagde å ha planverk på ulike område. Regelmessig blir slike underliggende planar på ei rekke fagområde, til dømes helsemessig og sosial beredskap og akutt forureining, reviderte og vidareutvikle saman med tilhøyrande risiko- og sårbarheitsanalysar og tiltakskort. Kommunen pliktar òg å ha ein overordna beredskapsplan som mellom anna omtalar den kommunale kriseleiinga, samarbeidet med eksterne aktørar, og fordelinga av ansvar og oppgåver under ei krise. Det kommunale beredskapsansvaret er omtalt i St.meld. 29 2011-2012:

”Beredskapsplikten bidrar til at kommunene skal se beredskapsarbeid i sammenheng og planlegge ut fra dette. Den pålegger kommunen selv å ta ansvar for et systematisk, kontinuerlig og kvalitetsmessig godt arbeid med samfunnstrygghet og beredskap, og vurdere behovet for eventuelle særskilte beredskapsforberedelser.”

Stortingsmeldinga omtalar fire viktige prinsipp for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Ansvarsprinsippet seier at den mynde, verksemd eller etat som til dagleg har ansvaret for eit område, òg har ansvar for førebuingar og utøvande teneste ved kriser. Likskapsprinsippet seier at den organiseringa verksemda har under ei krise skal vere mest mogleg lik den daglege organiseringa. Nærleiksprinsippet seier at kriser skal handsamast på det lågast moglege nivået i ei verksemd. Samvirkeprinsippet seier at den ansvarlege mynde eller verksemda sjølv har eit ansvar for å samvirke med andre aktørar om førebuing og krisehandtering.

I 2010 vart den nye såkalla «Sivilvernlova» (Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret) gjort gjeldande, og det påfølgande året kom «Forskrift om kommunal beredskapsplikt». Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gav i 2012 ut ein omfattande rettleiar til forskrifta, som konkret syner korleis kommunane skal følgje lovverket sitt krav om beredskapsplanar.



Kommunal kriseleing

Tabell 15. Kommunal kriseleing med stedfortreder

Rolle / stilling	Stedfortreder
Rådmann (leiar)	Økonomisjef
Ordførar	Varaordførar
Kommunalsjef HSS	Ass. kommunalsjef helse- og sosialsaker
Kommunalsjef TNE	Leiar kommunalsjef tekniske saker og næring
Kommunalsjef OK	Opplæringsjef
Beredskapskoordinator	-
Økonomisjef	-
Personalsjef	-

Overordna beredskapsplan og underliggende beredskaps- og kriseplanar

Den overordna beredskapsplanen bygger på dei fire prinsippa og DSB sin rettleiar. Hå kommune har følgjande beredskapsplanar: «Hovudlinjer for overordna beredskap i Hå kommune», «Plan for helsemessig og sosial beredskap», «Smittevernplan», «Plan for psykososiale tiltak ved kriser og katastrofer», «Beredskapsplan for vann og avløp», «Beredskapsplan for akutt forurensing», «Brannordning for Hå kommune», «Havnesikringsplan for Sirevåg havn» og «Beredskapsplan for Jæren Everk».

Tabell 16. Underliggende planar kommunale beredskaps- og kriseplanar etter ansvar.

Beredskaps- og kriseplanar	Ansvar
Hovudlinjer for overordna beredskap	Beredskapskoordinator
Plan for helsemessig og sosial beredskap	Kommunalsjef helse- og sosialsaker
Smittevernplan	Kommunalsjef helse- og sosialsaker
Plan for psykososiale tiltak ved kriser og katastr.	Kommunalsjef helse- og sosialsaker
Beredskapsplan for vann og avløp	Kommunalsjef tekniske saker og næring
Beredskapsplan for akutt forurensing	Kommunalsjef tekniske saker og næring
Brannordning for Hå kommune	Kommunalsjef tekniske saker og næring
Havnesikringsplan for Sirevåg havn	Sikkerheitsansvarleg Sirevåg hamn
Beredskapsplan for Jæren Everk	Elverksjef

Heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse

Ei arbeidsgruppe samansett av kommunalsjef for tekniske saker og næring, opplæring og kultur og helse og sosial i tillegg til personalsjef, var ansvarlege for å vurdere risiko og sårbarheit.

Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune inneheld ein gjennomgang av kriser og ulukker som kan ramme Hå-samfunnet. Analysen gir eit lokalt risikobilete. Risikoomgrepet uttrykker fare og risiko for tap av verdiar. I ROS-analysen er dette knytt opp mot liv og helse, miljø og økonomiske verdiar og drift/produksjon av tenester. Førebygging handlar først og fremst om tiltak for å redusere kor sannsynleg det er at ei hending skal inntreffe. Beredskap er førebuing som kan gjerast før krisen inntreff (kriseplanar, rolleavklaring, rutinar, ressursar, kunnskap, øving m.m.).

Hå kommune har i dag utført 30 risiko- og sårbarheitsanalysar, mellom anna for større trafikk- og togulukker, forureining eller svikt i forsyninga av vatn, pandemisk influensa, langvarig straumstans, sjukdom og smitte i landbruket, og Sirevåg hamn. Desse er vedlagt den overordna planen for Beredskap i Hå kommune som ble vedtatt av kommunestyret 22. februar 2014. Planar, ROS-analysar og tiltakskort blir jamleg oppdaterte.

Hovudfunn i heilskapleg ROS-analyse

Kommunen sine ROS-analysar viser ingen hendingar i «rød» sektor. Fleire hendingar ligg over middels risiko som stor trafikkulukke, svikt i vassforsyning, overvatn, brot på data-/telenett, brann i offentlege bygg mv. Mange av hendingane vil krevje sektorovergripande samar-

beid internt og eksternt frå aktørar som politi, helse/sjukhus, IUA, miljø, Kystverket, Jæren Everk/Lyse, IVAR, Mattilsynet mv. samtidig og kor ulike hendingar kan påverke kvarandre. Dette gjeld sjukdom/smitte i landbruket, brann i offentlege bygg, samanbrot i data-/telenett, forsyning av vatn, større ulukke på sjøen, langvarig straumstans mv. I praksis vil det seie at analysane skal ha fokus på hendingar som gjeld eller som har potensiale for å gjelda fleire sektorar. Det blir vist til overordna beredskapsplan med underliggende kommunale beredskapsplanar.

Klimatilpassing

I følge «Havnivåstigning» frå Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB), blir det forventa i 2050 for Hå kommune (målepunkt Sirevåg) at havnivået ligg mellom 19 til 41 cm høgare enn i dag. For år 2100 vil det ligge mellom 60 til 115 cm høgare enn i dag. Nivå ved stormflo med 100-års gjentakingsfrekvens vil i år 2050 ligge mellom 134 til 156 cm høgare og i år 2100 181 til 236 cm over dagens middelasstand. I tillegg må ein ta omsyn til bølga sin innverknad. Tettstadene Brusand og Oгна ligg høvesvis på kote ca. 3 og 4 kan såleis bli ramma av stormflo og flaum i tilhøyrande vassdrag. Kommunen vil gjennomføre ein eigen Ros-analyse for desse geografiske områda. Dette for å få kartlagt grundig behovet for etablering av eventuelt faresone flaum/stormflo med arealføresegner om sikkerhet for oppføring av bygg/anlegg og eventuelt avbøtande tiltak i tråd med Fylkesmannen sine faglege tilrådingar til høyringsrunde kommuneplanen.

KOMMUNEORGANISASJONEN

Innleiing

Det politiske og administrative systemet i Hå kommune legg til rette for heilskapleg styring.

Plan- og budsjettrutinar blir lagde opp for å støtte opp om målretta styring og prioritering av dei kommunale ressursane. På den måten er kommunen førebudd på å styre utviklinga ut frå heilskapsvurderingar og samla sett god utnytting av ressursar.

9.1 Politisk organisering

Grunnlaget for kommuneorganisasjonen er knytt til lokaldemokratiet. Dei kommunale verdiane er knytte til fridom, deltaking og effektivitet. Det er viktig å legge forholda til rette for å utvikle lokaldemokratiet.

- Kommunestyret har 33 medlemmer.
- Formannskapet har 9 medlemmer som skal veljast av og mellom kommunestyret sine medlemmer.

Kommunen har ein revidert hovudutvalsmodell med følgjande utval:

- Utval for opplæring og kultur, 9 medlemmer.
- Utval for helse- og sossialsaker, 9 medlemmer.
- Utval for tekniske saker og næring, 9 medlemmer.

Kommunen har fleire andre råd/utval, m.a. kommuneplanutval, innbyggarråd og partsamansett utval. Jæren Everk og Sirevåg hamn er kommunale føretak med eigne styre.

Hovudutvala innstiller direkte til kommunestyret med unntak av i økonomi- og plansaker.

Desse sakene går via formannskapet, som er kommunen sitt plan- og økonomiutval.

Den politiske styringa skjer gjennom planar, budsjett, retningslinjer og vedtak i konkrete saker.



9.2 Kommunal planlegging

Krav til kommunal planlegging

Det følgjer av plan- og bygningslova § 11-1 at «kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel». I tillegg blir det understreka at:

- Kommuneplanen skal ta utgangspunkt i det planbehovet som er peika på i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter til grunn.
- Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen kan etter kommunelova § 44 inngå i handlingsdelen.
- Det kan utarbeidast kommunedelplanar for bestemte område eller tema.

9.3 Planrutine i Hå kommune

Planstrategi

Kommunal planstrategi skal vedtas innan det første året med nytt kommunestyre, altså kvart fjerde år. Planstrategien gir føringar for kva for planar og tilhøyrande handlingsdelar som skal utarbeidast.

Kommuneplan samfunns- og arealdel

Gjennom vedtak av kommunal planstrategi (§10-1) bestemmer kommunen om det skal gjerast full eller delvis kommuneplanrevisjon, og kva revisjonen skal gå ut på. Dersom ein vedtar å starte opp revisjon av kommuneplanen, skal det utarbeidast eit planprogram som utdjuvar innhaldet i revisjonen.

Kommuneplanens handlingsdel

Handlingsdelen er integrert med kommunen si økonomiske planlegging og har eit 4-årsperspektiv. I Hå kommune er økonomiplanen kommuneplanen sin handlingsdel.

Årsbudsjett

Det blir utarbeidd plan for verksemda ut frå rammene i vedtatt handlingsprogram. Det skal leggjast vekt på rammestyring og utstrekt grad av delegering.

Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet.

9.3 Økonomi

Samanlikna med andre kommunar har Hå kommune eit lågt inntektsgrunnlag. Dette skuldast samansettinga av befolkninga. Kommunen får skatt bare på inntekt og formue frå personar. Selskapskatten er nå ein rein statsskatt. Tidlegare fekk kommunane ein mindre del av denne, og dermed ein ekstra grunn til å leggja til rette for næringsverksemd.

Hå kommune er ein såkalla "minsteinntektskommune" som får kompensasjon for låge skatteinntekter gjennom inntektssystemet. Ved rimelege driftsløysingar og varsemd med investeringar og låneopptak, har ein likevel ein del økonomisk handlefridom. Dette skuldast òg at kommunen har hatt ein godt dimensjonert infrastruktur som i ein del år tok unna for vekst i folketal og aktivitet.

VISSTE DU AT...?

I Hå kommune har me:

- 1450 fast tilsette
- 1080 faste årsverk
- 2000 lønsmottakarar kvar månad
- 26000 innkomande fakturaer årleg
- 600 mil. i lån
- Driftsutgifter i 2015 på ca 1,2 mrd
- Investeringutgifter i 2015 på ca 1,4 mrd

Nå er folkeveksten høgare, og kommunal infrastruktur og kommunale tenester er sett under sterkt press. Dette gjeld særleg barnehagar og skular, avløpsnett og vegnett. Økonomiplanen for åra 2013-2016 inneheld eit høgt investeringsprogram for å møte denne veksten. Med auka investeringsnivå følgjer høg grad av lånefinansiering, og handlefridomen kommunen nå har vil bli mindre i åra framover.

Folkeveksten betrar balansen mellom aldersgruppene i kommunen når eldrebølgja kjem om nokre år. Minska handlefridom på mellomlang sikt kan slik sett gi auka handlingsrom på lengre sikt. Vel ein investeringsløyser som er fleksible (t.d. flyttbare barnehagar) eller løysingar tilrettelagt for utviding (t.d. dimensjonert for påbygg/tilbygg), vil dette gjere det rimelegare å møte folkeveksten og gi grunnlag for å betra den økonomiske handlefridomen.

Årsmeldingane og økonomiplanane inneheld detaljerte opplysningar om kommunen si økonomiske stode og aktuelle problemstillingar. For sentrale nøkkeltal, sjå tabell 17.

Sidan vel 70 prosent av driftsutgiftene til kommunen er løn til tilsette, har god tilrettelegging for oppgåveløysing og god prioritering av tidsbruk mykje å seie for om kommunen nyttar midlane sine effektivt. Eit godt samarbeid mellom dei tilsette, deira organisasjonar og leiarar på alle nivå i kommunen er nødvendig med tanke på å utvikle ein rasjonell organisasjon og ei rasjonell driftsform.

Utsiktene framover:

Staten styrer kommunesektoren i hovudsak gjennom kommuneproposisjonar og statsbudsjett. Desse har eit kort tidsperspektiv. I langsiktig kommuneplanperspektiv er det derfor lite grunnlag for å gå nærare inn på framtidig økonomisk utvikling. På mellomlang sikt – 4 års perspektiv – blir dette gjort i dei rullerande økonomiplanane. Av kommuneplanen kan ein likevel sjå kva auka behov det på lengre sikt kan bli for kommunale tenester og infrastruktur. Desse må ein vere budd på å finne konkrete løysingar på i komande økonomiplanar.

Tabell 17. Sentrale nøkkeltal

Mill kr.	2009	2010	2011	2012	Bud 2016 ⁴
Inntekter	917	961	1023		1166
Av dette skatt	(342)	(357)	(340)		(439)
Av dette rammetilskott	(151)	(165)	(332) ³		(385)
Netto driftsresultat ¹	65	63	75		51
% av driftsinntekter	7,1	6,6	7,3		4,4
Netto langsiktig gjeld ²	165	221	259		867
% av driftsinntekter	18,0	23,0	25,3		74,4

1) Overskot av drifta etter nettoutgifter til renter og avdrag og inkl. mva-kompensasjon investeringar

2) Langsiktig gjeld minus langsiktig utlån av Husbankmidlar og utlån til andre

3) I 2011 blei øyremerka barnehagetilskott lagt inn i rammetilskottet

4) 2013-prisnivå

Målsetting:

- Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte gjenvinne handlefridomen.

Strategiar:

- Ubundne fondsmidlar som sikrar handlefridom og som tener som reservekapital.
- Driftsoverskot som sikrar tilstrekkelege midlar til nyanlegg og avsetningar. Netto driftsresultat bør ikkje vere lågare enn 3 % av driftsinntektene¹
- Låneopptak innanfor forsvarlege rammer²
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester. Ein skal likevel ta omsyn til om ein skilde har svak evne til å betale. Opererer kommunen i ein marknad, kan marknadsorienterte prisar vurderast.
- Ressursbruk som er mest mogleg effektiv.

¹) Når føringsmåten for mva-kompensasjon for investeringar blir endra i 2014, blir måttalet 1,5 %.

²) Sidan staten gir kompensasjon for renter og avdrag for ymse typar lån, er det ikkje sett eksakt måltal for lånegjeld målt mot driftsinntekter. Generelt kan ein vise til at netto langsiktig gjeld bør vere mindre enn 60 % av driftsinntekter.

9.4 Administrativ organisering og personalpolitikk

Kommunen si administrative oppbygging blir justert etter dei oppgåvene kommunen til ei kvar tid har ansvaret for. Administrasjonen har i dag tre avdelingar: etat for opplæring og kultur, etat for helse- og sossialsaker og etat for tekniske saker og næring. Stabsfunksjonane økonomi, plan, personal, byggeleiing, IT, arkiv og politisk sekretariat er samla hos rådmannen. Rådmanen har ansvaret for ei heilskapleg administrativ leiing. Administrasjonen må ha handlingsrom innanfor vedteke politiske rammer, slik det går fram av delegasjonsreglementet.

Hå kommune med sine 1644 tilsette fordelt på 1212 årsverk er den største arbeidsgjeveren i kommunen. Omlag 82 prosent av dei tilsette er kvinner. Kommunen tilbyr tenester og driv verksemd innanfor ei rekke fagfelt, og eit stort mangfald av ulike faggrupper arbeider i kommunen. Det er i alt 18 arbeidstakarorganisasjonar som representerer dei tilsette.

Hovudmål:

- Å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft.

Delmål:

- Behalde dei arbeidstakarane me har og rekruttere nye, særleg unge og nyutdanna.

Strategiar:

- Ha eit lønnsnivå som er på nivå med byane i fylket og kommunane lenger nord på Jæren.
- Ha eit lønnsnivå i spesielle stillingar som kan konkurrere med næringslivet.
- Legge til rette for kompetanseheving og utvikling.
- Legge til rette for å behalde seniorar med nødvendig kompetanse.
- Arbeide for å ha gode arbeidsvilkår og velferdsordningar.
- Legge til rette for å auke stillingsstorleik til dei som ønskjer det.
- Arbeide med kommunen sitt omdømme.

Delmål:

- Legge til rette for at alle tilsette får bruke og utvikle kompetansen sin.

Strategiar:

- Rekruttere godt utdanna og høgt kompetente personar som kan oppretthalde og utvikle fagmiljøet.
- Legge til rette for vidareutdanning.
- Sørge for leiarutvikling med oppfølging, intern opplæring og vidareutdanning.

Delmål:

- Ha eit arbeidsmiljø tufta på samarbeid, der den enkelte kjenner seg verdsett og trygg, og får utviklande oppgåver.

Strategiar:

- Arbeide systematisk med IA og spørsmål som gjeld fråværs- og nærleiksfaktorar.
- Invitere til samarbeid og dialog med arbeidstakarorganisasjonane.
- Legge til rette for eit kulturelt mangfald.
- Arbeide i tråd med dei etiske retningslinjene.
- Fremje dei verdiane og haldningane som er fastsette for organisasjonskulturen i verksemda.

Desse satsingsområda vil bli følgde opp i mellom anna: «Løns- og personalpolitisk plan», «Lokale lønsforhandlingar», «Årleg opplæringsplan», «Reglar og retningslinjer», «IA-arbeidet» og «Velferdsordningar»

9.6 Møte med innbyggerane

Kommunen har følgjande servicereglar i møte med innbyggerane:

SERVICEREGLAR


«Me ønskjer at alle som vender seg til kommunen skal bli møtte venleg, imøtekomande og med respekt, bli viste til rett person og få aktuell informasjon, og få eit tenestetilbod av høg kvalitet og svar innan fastsett tid»

Mål:

- Hå kommune ønskjer å vere kjent som ein kommune som har god service til innbyggerane.

Strategiar:

- Godt utbygd tenestetilbod.
- Høg kvalitet på tenestene.
- Høg kompetanse i kommuneorganisasjonen.
- Opningstider tilpassa etterspurnaden.
- Godt utbygde løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen.
- Ein god postjournal og eit godt arkivsystem som grunnlag for innsyn i forvaltninga.
- God service frå dei tilsette si side.



KOMMUNALE TENESTER

10.1 Barn og unge

I planperioden vil venteleg talet på barn 0-5 år vekse frå om lag 1700 til om lag 2550 i 2028 og til om lag 2500 i 2040. Talet på barn 6-12 år veks frå om lag 1750 til om lag 2500 i 2028 og til om lag 2900 i 2040. Talet på ungdom 13-15 år veks frå om lag 800 til om lag 1000 i 2028 og til snautt 1250 i 2040.

Hovudmål:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gi barna ein god barndom.
- Alle barn/elevlar i barnehage og skule i Hå opplever læring og meistring kvar dag.

Kommunen skal gi eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gir rom for oppleving og utvikling i barnehage og skule og fritid. Barna/elevane skal oppleve barnehagen og skulen som ein naturleg og spennande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus.

Kommunen står framfor store utfordringar ved at stadig fleire barn ønskjer barnehageplass og fleire og fleire vil ha fulltidsplass. Den medisinske utviklinga fører også med seg at fleire barn med spesielle behov veks opp.

Delmål:

- Barna skal i dei første leveåra få eit godt grunnlag for ei positiv utvikling.

Strategiar:

- Gi alle barn under opplæringspliktig alder som ønskjer det, barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.
- Gi barn i barnehage ein trygg læringsarena for varierte opplevingar.
- Følgje særskild opp barn med store funksjonshemmingar.
- Prioritere språkopplæring for minoritetsspråklege barn.
- Forsere utbygging av plassar i område med stort press.
- Arbeide aktivt for å skaffe nok kvalifisert personell i barnehagane.
- Samarbeidet mellom heim og barnehage støttar opp under læring og utvikling.

Skulane i kommunen har i samarbeid med heimen ansvar for opplæringa av om lag 2400 barn og unge. Kommunen skal sjå til at skulane er godt utrusta til å ta seg av denne viktige oppgåva både personal-, bygnings- og utstyrmessig.



Delmål:

- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Strategiar:

- Arbeide for at alle elevar får reelt tilpassa opplæring.
- Barna skal få møte eit utviklande og læringsstøttande miljø, sosialt, fysisk og fagleg.
- I aktivt samarbeid med heimen skal skulen arbeide for god motivasjon for læring.
- Sikre tidleg og tilstrekkeleg hjelp til alle elevar.
- Barn med særskilde vanskar og store funksjonshemmingar skal få spesialundervisning som sikrar dei eit tilbod som er likeverdig med ordinær undervisning.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og grunnskule og mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- Styrke rådgiving og tverrfagleg samarbeid for å hindre fråfall frå vidaregåande skule.
- Skulebygga skal vere spennande pedagogisk tilrettelagt.
- Sikre relevant kompetanseheving og gode arbeidsvilkår for personalet i skulen.

Kommunen vil at dei unge skal møte positive, tydelege og engasjerte vaksne. Tilboda som kommunen gir må også vere på barna og ungdommen sine premisser.

Delmål:

- Barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår.

Strategiar:

- Legge til rette for at alle barn og unge får ta del i kulturopplevingar av høg kvalitet.
- Prioritere tryggingstiltak i trafikken som gang- og sykkelsti og vegovergangar.
- Sikre at støttefunksjonane for barn og unge fungerer godt (helsetenesta, PPT, sos. ped. team, familiesenter m.m.).
- Gi støtte til positive fritidstilbod som lag og organisasjonar står for, og legge til rette for fritidsklubbar/møtestader for ungdom som gode sosialisering- og opplæringsarenaer.

- Legge til rette for at alle får tilbod om fysisk aktivitet i høve til den einskilde sine føresetnader.
- Legge til rette for trygge og utfordrande leikeområde i nærmiljøet.
- Det skal arbeidast aktivt for å minske presset på barn og unge med omsyn til bruk av rusmidlar.

Delmål:

- Barn og ungdom med særskilde vanskar skal få tilstrekkelig hjelp.

Strategiar:

- Sikre at barn og ungdom med ulike diagnosar eller behov blir fylgde opp i heim og skule.
- Utvikle effektive og samordna tenester til barn og ungdom som slit med kvardagen.
- Sikre tilstrekkeleg tilgang på PP-tenester, og sikre at barn og unge med særskilde behov blir fylgde opp i heim og skule.



Delmål:

- Satse på førebyggjande helsevern blant barn og ungdom.

Strategi:

- Oppdage barn og ungdom som viser teikn på problem

eller uheldig utvikling så tidleg som råd, og syte for hjelp til desse.

- Utvikle effektive samordna tenester for barn og unge som slit med kvardagen.

Desse satsingsområda vil bli følgde opp i: «Barnehagebruksplanen», «Skulebruksplanen», «Balansen», tverrfaglege førebyggjande tiltak som til dømes SLT, skulane og barnehagane sine handlingsplanar, og «Plan for helsestasjon og skulehelsetenestar»

10.2 Eldre

I planperioden vil venteleg talet på eldre 67-79 år vekse sterkt frå om lag 1200 til om lag 2300 i 2028 og nærare 3000 i 2040. Talet på eldre på 80 år og meir aukar frå 600 til ca. 1100 i 2028 og ca. 1750 i 2040. Kommunen må i planperioden planlegge og legge til rette for den store veksten av eldre som vil kome etter 2022.

Hovudmål:

- Sikre dei eldre ein trygg og meningsfull livssituasjon der dei eldre sjølv, familien og nærmiljøet er ressursar.

Delmål:

- Dei eldre skal ha ein trygg og meningsfull livssituasjon.

Strategiar:

- Legge opp tenestetilbodet slik at dei eldre kan bli buande lengst mogleg i heimen.
- Omsorgstenester skal i størst mogleg grad ytast lokalt.
- Sikre at pasientar som er utskrivne frå spesialisthelsetenesta blir tatt godt vare på.
- Utbygging av heildøgns omsorgsplassar.

- Sikre optimal balanse mellom sjukeheim, omsorgsbustader, dagtilbod og heimetenester.
- Sikre eit fagleg forsvarleg og individuelt tilrettelagt tenestetilbod for demente.
- Sikre tilstrekkeleg mengde kvalifisert arbeidskraft, og auke kompetansen.
- Sikre at eldre får ta del i meningsfulle aktivitetar og får kulturtilbod av høg kvalitet. Kultur, trivsel og helse heng saman.

Delmål:

- Den eldre sjølv, familien, og nærmiljøet skal involverast.

Strategiar:

- Ivareta eldre sine individuelle behov i planlegginga av pleie- og omsorgstenester.
- Planlegge og drive det kommunale tenestetilbodet i nær kontakt med brukarane.
- Ta vare på og støtte omsorgsevna til pårørande og frivillige.

Desse satsingsområda vil bli følgde opp i «Eldreplanen»

10.3 Grupper som treng mykje pleie, omsorg eller særleg merksemd

Kommunen har innbyggjarar som krev spesiell merksemd og tilrettelegging. Mellom anna skal kommunen gi tilbod til personar med diagnosen psykisk utviklingshemma, derav sterkt ressurskrevjande tenestemottakarar og personar med psykiske lidningar som får hjelp frå psykiatrisk heimesjukepleie med vedtak. I tillegg er det personar som får hjelp frå psykisk helsearbeid for barn og unge ved familiesenteret.

Hovudmål:

- Sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov.

Delmål:

- Best mogleg integrering av grupper med særskilde behov i lokalsamfunnet.

Strategiar:

- Gjere psykisk utviklingshemma, fysisk funksjonshemma, personar med psykiske lidningar, alvorleg somatisk sjuke, flyktningar, sosialklientar og rusmisbrukarar

best mogleg i stand til å vere ein del av lokalmiljøet.

- Sikre bustader tilrettelagde for individuelle behov i dei forskjellige tettstadene.
- Sikre meiningsfulle fritidsaktivitetar og arbeidstrening.

Delmål:

- Gi eit heilskapleg og koordinert tilbod til brukarar med samansette behov.

Strategiar:

- Sikre at tidleg utskrivne pasientar frå spesialisthelsetenesta (psykiatrisk og somatisk) blir tatt forsvarleg vare på. Betre samhandling mellom spesialisthelsetenesta og omsorgstenesta i kommunen.
- Sikre at den enkelte blir teken hand om av relevante fagfolk. Der det er snakk om fleire fagområde, skal desse samarbeide for å gi eit godt samla tilbod.

Desse satsingsområda vil bli følgde opp i «Plan for ressurskrevjande brukarar», «Psykiatriplan», «Rusvernplan» og «Boligsosialplan»

10.4 Folkehelse

Folkehelsearbeidet har som tverrfagleg siktemål å samle innsatsen i kommunen for å styrke faktorar som bidreg til betre helse og trivsel, og å svekke faktorar som medfører helserisiko.

Hovudmål:

- Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar blir utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremje innbygarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å førebygge sjukdom, skade og lidning.

Delmål:

- Få nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorene som kan verke inn på denne. Lage ein kommunedelplan for å kunne møte helseutfordringane i kommunen. Sette i verk nødvendige tiltak.
- Skape ei haldningsendring blant innbygarane i Hå kommune ved å legge til rette for og inspirere til ein aktiv kvardag og eit sunt kosthald.
- Fremje folkehelse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold.
- Utjamne sosiale forskjellar.

- Legeteneste som er lett tilgjengeleg.
- Førebygge smittsame sjukdomar.

Strategi:

- Tilbod til risikogrupper via Frisklivssentralen, aktiv på dagtid og lærings- og mestringscenteret i samarbeid med andre kommunar.
- Moglegheit for at born kan gå og sykle mellom bustad, skule og fritidsaktivitetar.
- Utemiljø som er tilrettelagt for leik og aktivitet.
- Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Sikre koordinerte helsetenester til funksjonshemma ved bruk av «Elektronisk Individuell Plan» og ansvarsgrupper.
- Øyeblikkelig hjelp-tilbod ved sjukeheimen.
- Legge opp til at innbygarane har valfridom m.o.t. fastlege.
- Oppretthalde «Lokal norm for legeteneste i institusjon», samt strategisk kompetanseplan som sikrar at legetenesta er oppdatert og har eit omfang som er i stand til å møte framtidige utfordringar.
- Sikre oversyn over smittesituasjonen.
- Førebyggande tiltak mot smittefare.
- God informasjon til innbygarane ved smitterisiko.





10.5 Kulturtiltak

Kultur spenner over eit vidt register av menneskeleg oppleving, utfalding og aktivitet, og rører ved både kropp og sjel, intellekt og kjensleliv. Det fremste kjennemerket ved kulturlivet er at det tar utgangspunkt i, og rettar merksemda mot, dei positive interessene og ressursane menneska har, og stimulerer det friske i oss. Det å ta del i meningsfylte kulturaktivitetar medverkar såleis til å auke livskvalitet og motivasjon, kompetanse og interesser. Mange menneske er av ulike årsaker ikkje aktivt med i kulturlivet. Dei verkemidla som kultursektoren rår over er særleg eigna til å imøtekome ulike behov og til å etablere sosiale fellesskap. Kultur i vid forstand verkar mobiliserande, stimulerande og integrerande, og løyser ut positive ressursar.

Ved å setje fokus på samanhengen mellom kultur, natur, miljø og helse opnar ein for ein vidare definisjon av helseomgrepet.

Kulturelle aktivitetar og verkemiddel representerer derfor viktige element i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Å skape tilgang til kulturlivet og ulike møtestader blir ut frå dette ei sentral samfunnsoppgåve. Gjennom kulturtiltak vil kommunen drive haldningsskapande arbeid og legge til rette for meningsfylte fritidsaktivitetar.

Hovudmål:

- Dokumentere og formidle vår felles kulturarv.
- Formidle kunnskap og oppleving.
- Legge til rette for eigenaktivitet.
- Legge til rette for ulike former for sosiale aktivitetar.

Strategiar:

- Formidle tradisjon, haldningar og verdiar, særleg til barn og unge.
- Ha eit vel utbygd bibliotektilbod.
- Ha tilgang til elektroniske kunnskapsbasar.
- Lage eigenproduserte kulturarrangement, utstillingar o.l.
- Stå for og/eller støtte eit bredt spekter av kulturarrangement.
- Forsking og formidling av lokal historie og tradisjon - informasjon og brukarmedverknad.
- Sikra ei fagleg forsvarleg forvaltning av kommunen sine fornminne.
- Sikra at ein tar vare på og nyttar eit representativt utval av nyare kulturminne godt, og gjer desse tilgjengelege for publikum.

Strategiane knytt til kulturminnevern vil bli følgde opp i «Kulturminnevernplan».

AREALDEL



FØRESETNADER OG AREALBEHOV

11.1 Innleiing med hovudmål

I Planprogrammet for rulleringa av kommuneplanen er det gjort greie for viktige føresetnader for arbeidet, hovudmålsettingar og sentrale tema som vil bli omtalt.

Ei sentral målsetting for kommunen er å legge til rette for ei utvikling i innbyggartalet i kommunen som svarar til SSB sitt hovudalternativ (MMMM).

Det er eit mål at veksten i folketalet blir delt mellom krinsane i kommunen. Eit anna hovudmål er at veksten skal skje slik at ein tar vare på kulturlandskap og jordbruksjord.

Ut frå dette er kommuneplanen sin arealdel laga.

Mål:

- Hå kommune vil legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkelandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Strategiar:

- Fullføring av langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk for tettstadene Nærbø, Varhaug og Vigrestad.
- Samle bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkelandsmarka.
- Legge til rette for høg arealutnytting med vekt på gode by- og bumiljø i tettstadene.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

11.2 Arealdelen sin funksjon

Arealdelen av kommuneplanen viser hovudlinjene for arealbruken i kommunen. Den inneheld eit overordna arealbrukskart med tilhøyrande føresegner. Arealbrukskart med føresegner er juridisk bindande. Plankart, føresegner og retningslinjer skal danne grunnlaget for vidare detaljert planarbeid gjennom kommunedelplanar, reguleringsplanar og andre arealplanar.

VISSTE DU AT...?

I Hå kommune har me:

- 140 km kommunal veg
- 46 km gang/sykkelveg
- 4070 gatelys
- 5500 piper å feie kvart 3. år
- 125 leikeplassar
- 260 km vassleidningar
- 360 km kloakkleidningar
- 1600 kummer
- 200 nye matrikkeleiningar årleg
- 400 eigedomar med septiktankar
- 160 spesialbygg å føre tilsyn med

11.5 Overordna føringar og planar

Nasjonale retningslinjer

- Regjeringserklæringa (Soria Moria) og oppfølgjande brev om jordvern (2006)
- Fylkesmannen sitt forventningsbrev til kommunane
- RPR for samordna areal- og transportplanlegging (1993)
- RPR for verna vassdrag (1994)
- RPR for barn sin medverknad i plansaker
- Verneplanar for Hå (Jærstrendene, Synesvarden etc.)
- St.meld 58 (96/97) – Miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling
- St.meld 19 (99/00) – Om norsk landbruk og matproduksjon
- St.meld 39 (00/01) – Friluftsliv
- St.meld 42 (00/01) – Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning
- St.meld 23 (01/02) – Bedre miljø i byer og tettsteder
- St.meld 06 (02/03) – Tiltaksplan mot fattigdom
- St.meld 16 (02/03) – Resept for eit sunnare Noreg (folkehelsemeldinga)
- St.meld 15 (03/04) – Leve med kulturminne
- St.meld 21 (04/05) – Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld 25 (04/05) – Regionalmeldinga
- Miljøverndepartementet – Den moderne bærekraftige byen (T-1537)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)

Regionale planar

- Fylkesdelplan for jernbanen i Rogaland, godkjent av MD 23. september 2002
- Fylkesdelplan for kystsona i Rogaland, godkjent av MD 18. desember 2002
- Fylkesdelplan for samferdsel 2004-2015, godkjent av MD 26. mai 2004
- Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern, godkjent av MD 13. oktober 2005
- Fylkesdelplan for Rogaland 2006-2009, vedteken av fylkestinget 1. november 2005
- Fylkesdelplan for byggeråstoff på Jæren, vedteken av fylkestinget 13. desember 2006
- Fylkesdelplan for universell utforming, vedteken av fylkestinget 6. mars 2007
- Fylkesdelplan for vindkraft, vedteken av fylkestinget 18. september 2007
- Regionalplan for energi og klima, vedteken av fylkestinget 16. februar 2010
- Regionalplan for eit inkluderande samfunn, vedteken av fylkestinget 3. juni 2010
- Regionalplan for landbruk, vedteken av fylkestinget 7. juni 2011
- Regionalplan for næringsutvikling, vedteken av fylkestinget 7. juni 2011
- Regionalplan for folkehelse, vedteken av fylkestinget 11. desember 2012
- Regionalplan for Jæren, vedteken av fylkestinget 22. oktober 2013

11.6 Vekst i innbyggartal og bustadbygging

Det er fleire usikre faktorar når ein skal framskrive utviklinga i folketalet i kommunen. Statistisk sentralbyrå har omfattande modellar som dei nyttar for å vurdere utviklinga i folketalet i landet samla og i kvar einskild kommune. Deira mellomalternativ, kalla «MMMM», er basert på middeltal både når det gjeld fødsler, levealder, innanlandsk flytting og innvandring. Dette mellomalternativet er lagt til grunn for utviklinga i folketalet i Hå kommune fram til 2028.

I arbeidet med kommuneplanen er det utarbeidd prognosar for utviklinga i innbyggartal i krinsane ut frå gitte program for bustadbygginga. Modellen «Kompass» er brukt i dette arbeidet. Framskrivningane fordeler folke- mengd på tettstadene ut frå eit bustadprogram med «høg» bustadbygging i Stokkalandsmarka og dei sørlege tettstadene.

11.7 Vekst – utbygging - jordvern

Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innafør det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk. I kommuneplanen for perioden 2007 – 2022 er det trekt opp langsiktig grense mellom tettstadsareal og kringliggjande landbruksareal mot sør, vest og nord for alle desse tettstadene. I planprogrammet er det lagt til grunn at det i føreliggande kommuneplan for perioden 2014 – 2028 skal fastleggjast grenser også mot aust.

I fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren vart det vald å legge eit 40-års perspektiv til grunn for avgrensing av tettstadene. Det same er gjort i denne kommuneplanen, slik at forventa folkevekst, fortettingspotensiale og arealbehov er vurdert for perioden fram til 2052 og utgjer grunnlaget for fullføring av tettstads- grensene.

Både i føreståande kommuneplanperiode og i eit 40-års perspektiv bygger det gjennomførte planarbeidet på at ein vesentleg del av bustadbygginga skal skje ved fortetting og transformasjon av eksisterande industriareal innafør eksisterande tettstad. Ein avgjerande føresetnad for dette er at den vesentlege miljølempa den auka biltrafikken ei slik vesentleg fortetting vil medføre, delvis kan løysast ved at denne trafikken kortast veg kan leiast ut på eit overordna vegnett utanom tettstadene. For Nærbø og Vigrestad blir dette løyst gjennom fullføring av eit ringvegssystem. For Varhaug er problemstillinga ikkje løyst og ein må kome tilbake til moglege løysingar i framtidige kommuneplanar.

Utbygginga av eit slik ringvegssystem er svært kostnads- krevjande og lar seg ikkje økonomisk løysa av kommunen åleine gjennom bare kommunale løyvingar. Det er lagt til grunn at fylkeskommunale/statlege styresmakter også deltek i finansiering. I tillegg er det heilt nødvendig at langsiktig grense opnar for ein viss storleik på dei framtidige utbyggingsareala slik at utbygginga av desse også kan belastast ein ikkje uvesentleg del av kostnadane.



11.8 Bustadbygging – bustadareal

Krinsvis program for bustadbygginga

Ved utforminga av bustadbyggeprogrammet har det vore ei målsetting å prøve å legge til rette for ei jamn utvikling i dei einiskilde krinsane, og å nytte eksisterande infrastruktur best mogleg.

Ved utforminga må det og leggest stor vekt på korleis bustadbygginga i praksis har vore. Dei siste åra har vore prega av høg bustadbygging i kommunen. Mens kommuneplanen la til grunn at det skulle byggast 120 bueiningar per år, vart det i perioden 2000-2011 bygd i gjennomsnitt 166 bustader per år. Tar ein med 2012, som var eit rekordår med 324 godkjente bustader, blir resultatet eit gjennomsnitt for perioden 2000-2012 på 179 bustader, med ein folkevekst på gjennomsnittleg 308.

Tabell 18: Bustadbygging frå 2000 til nå jamført med folketalsveksten

År 2000 - 2012	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12	Sum	Gj.snitt
Bustadbygging	132	119	161	114	158	167	131	305	128	131	163	111	324	2144	179
Folketilvekst	99	185	216	131	214	99	189	366	511	393	480	422	391	3696	308

Tabell 19: Bustadbyggeprogram med framskriving av folkemengd etter krins

Krins	Bustad pr. år	2012	2028	Faktisk endring	Endring i prosent
Nærbø	49	8662	11562	2900	33
Varhaug	23	4162	5312	1150	28
Vigrestad	19	2390	2924	534	22
Stokkalandsmarka	54	766	2805	2039	266
Brusand	4	551	701	150	27
Ogna	5	460	528	68	15
Sirevåg	12	644	828	184	29
Hå kommune	166	17635	24660	7025	40

Behov for nytt bustadareal i planperioden

Ved utrekning av behovet for bustadareal er det føresett at utbygging av felt som er godkjent for utbygging i gjeldande plan, skjer med arealutnytting lik målsettingane i føreliggande kommuneplan.

Tabell 20: Utbyggingspotensiale (tal bustader) på restareal i gjeldande kommuneplan, ved fortetting og transformasjon fram til 2028 (16 år)

Tettstad	Nærbø	Varhaug	Vigrestad	Stokkal.	Brusand	Ogna	Sirevåg
Restareal i gjeldande KP	365	217	178	1240		32	152
Hagefortetting	53	25	21		10	9	12
Feltfortetting	121	45	21		23	3	24
Transformasjon	131	3	1		10		4
Sum restareal og fortetting	670	290	221	1240	43	44	192
Erstatningsareal v/transform.	33 daa	16 daa	13 daa		3 daa		1 daa

Tabell 21: Udekkja bustadbehov (tal bustader) i planperioden fram til 2028 (16 år).

Tettstad	Nærbø	Varhaug	Vigrestad	Stokkal.	Brusand	Ogna	Sirevåg
Sum bustadpotensial	670	290	221	1240	43	44	192
Bustadbehov, jf. bustadprogram	784	368	304	864	64	80	192
Sum bustadbehov/bustadreserve	-114	-78	-83		21	36	0
Behov for areal ved 3 b. pr. daa	38 daa	26 daa	28 daa		7 daa	12 daa	

Tabell 22: Udekkja arealbehov (i dekar) i planperioden fram til 2028 (16 år).

Tettstad	Nærbø	Varhaug	Vigrestad	Stokkal.	Brusand	Ogna	Sirevåg
Næring, erstatningsareal transformasjon	33	16	13		3		1
Nytt utbyggingsareal bustad	38	26	28		7	12	

Ved utrekning av arealbehovet for nytt bustadareal er det lagt til grunn 3 bustader per dekar.

11.9 Næringsareal

Innleiing

I tilknytning til landbruket er det vakse fram ei rekkje industribedrifter på Jæren. I seinare tid har det kome til eit mangfald av bedrifter i oljenæringa og innan bygg, anlegg og servicenæringane. Næringsmiljøa er dynamiske med mykje nyskapning, mange nyetableringar og med ekspansjon i allereie etablerte bedrifter. Dette har fått god hjelp av den sterke veksten i næringsliv og folketal som er i regionen.

Denne utviklinga har ført til ein sterk auke i etterspurnaden etter utbyggingsareal til næringsføremål i Hå, særleg omkring tettstadene Nærbø og Varhaug, på Vigrestad/Stokkelandsmarka og også i Sirevåg. Kviamarka som er sett av til næringsmiddelindustri, har fått fleire store etableringar og området har fått status som eit regionalt område for denne type industri.

Kommunen har som mål å avlasta presset på jordbruksjorda rundt tettstadene i nord med å tilby næringsareal sør i kommunen. Likevel må det vere noko areal disponibelt i Nærbø og Varhaug for å dekkja bedrifters behov for lokalisering nær tettstaden/andre bedrifter, både av omsyn til transportkostnadar og til veksten i tettstadene når folketalet aukar.

Trass positiv utvikling i næringslivet i seinare tid, er det framleis slik at i storleik 2 000 fleire personar kvar dag pendlar ut av kommunen enn inn til arbeid.

Kommunen står framfor vekst i folketalet. Det er ei målsetting at flest mogleg skal få høve til å finne seg arbeid i nærleiken av der dei bur. Å legge til rette for redusert pendling vil også kunne vere god miljøpolitikk.

Kommunen ynskjer å vere aktiv med omsyn til tilrettelegging for utvikling av nye arbeidsplassar. Samstundes vil kommunen søke å redusere omdanninga av jordbruksareal til nærings- og industriareal. Dette er sær viktig innanfor «kjerneområdet for landbruk» det vil seie i nordre del av kommunen.

Det er også lagt til grunn at noko eksisterande næringsareal av ulike grunnar med fordel kan gjerast om (transformerast) til bustadareal. Dette er lagt til grunn for vurderinga av arealbehovet til bustadbygging, og det er vurdert som ein føresetnad at dette næringsarealet blir erstatta med nytt næringsareal etter kvart som det blir omdisponert til bustadformål.

Med desse faktorane som bakgrunn, har ein vurdert kor mykje næringsareal som ligg inne i gjeldande planar og kva behov som kan oppstå i planperioden.

Målsetting:

- Det skal arbeidast for vidareutvikling av næringslivet for å oppnå betre balanse mellom ut- og innpendling.
- Eit hovudsatsingsområde vil vere matklynga, frå landbruk til vidareforedling og ferdigvareproduksjon.

Strategiar:

- Det skal leggest til rette nytt næringsareal i alle krinsane.
- Legge til rette næringsareal for arbeidskraftintensiv næringsverksemd i tettstadene i nord, og meir plass krevjande industri lenger sør i kommunen.
- Hå kommune vil arbeide for at Skoga næringsområde skal utviklast til eit tyngdepunkt for industrietablering i kommunen.
- Hå kommune vil vidareføre arbeidet med etablering og vidareutvikling av næringsområde berekna for definerte næringsklynger, slik som Kviamarka (mat), Grødaland (avfallsbehandling), Sirevåg (fiskeri) m.m.

Ulike typar næringsområde, avgrensing

Næringsområda i kommuneplanen omfattar:

- Sentrumsareal, som i hovudsak er handel og kontorverksemd kombinert med bustad.
- Areal avsett til reiselivsverksemd.
- Område spesielt lagt til rette for prioriterte verksemdar (næringsmiddelindustri i Kvimarka).
- Generell næringsverksemd.

Sentrumsområda er i føreliggjande plan gitt ei klar avgrensing på Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Det medfører at etablering av privat tenesteyting i alt vesentleg skal skje innafor desse områda. Arealbruk i sentrum går elles fram av ulike reguleringsplanar og gir rom for fortetting med næring/ervert knytt til sentrumsfunksjonane. Næringsareala i sentrum er ikkje tatt med i rekneskapen for ledig næringsareal i kommunen.

Kapittelet om næringsareal omfattar heller ikkje dei mindre areala som er sett av til reiselivsaktivitet, til dømes Ognatun, Holmavatn, reiselivsareal ved Obrestad fyr, den gamle betongfabrikken på Ogna med fleire. Når desse ikkje er nærare omtalt ved denne rulleringa av planen, er det fordi kommunen ikkje gjer framlegg om vesentlege endringar i desse areala. Ved rulleringa har ein fokusert på områda i og utanfor tettstadene til spesiell og generell næringsverksemd.

Med bakgrunn i dei overordna føresetnadene for areal-disponeringa i Hå, må kommunen vere restriktive med bruken av næringsareala. Dette har ført til at ein har laga eit sett med strategiar for framtidig utnytting av næringsområda i kommunen (jf. krav til arealutnytting s.54 og tabell 28).

Tabell 23. Sentrumsareal

Sentrumsareal	Totalt
Nærbø	164
Varhaug	74
Vigrestad	93
Stokkelandsmarka	66
Sum	397

Status område for spesiell og generell næringsverksemd

I kommuneplanen 2014-2028 er det totalt 1824 dekar næringsareal utanom landbruket. 972 dekar av dette er allereie utbygd. Det står då att 852 dekar ubygd industriareal.

Tabell 24. Ledig areal for spesiell næring i arealdelen 2014-2028 per august 2013

Kommuneplan	2007 - 2022			Endringar 2007-13		2013 - 2028		
	Ledig	Utbygd	Sum	Transf.	Nytt frå LNF	Totalt	Utbygd	Ledig
Gausland, Nærbø	35	51	86	52	17	155	55	100
Kviamarka, Nærbø	160	116	276 ¹	6	20	302	272	30
Grødaland, Nærbø	21	22	43	0	23 ²	66	26	40
Fjordland, Varhaug	13	27	40	6	0	46	27	19
Småhaugane, Vigrestad	61	34	95	0	0	95	34	61
Brusand nordvest	15	0	15	-15	0	0	0	0
Morene Kildev. Varh.	0	0	0	0	8 ²	8	8	0
Sirevåg hamn, nord	41	30	71	0	0	71	30	41
Sirevåg hamn, indre	18	2	20	0	0	20	5	15
Sirevåg hamn, sør	34	12	46	0	0	46	20	26
Holmane	5	0	5	0	0	5	0	5
	403	294	697	49	68	814	477	337

Tabell 25. Ledig areal for generell næring i arealdelen 2014-2028 per august 2013

Kommuneplan	2007 - 2022			Endringar 2007-13		2013 - 2028		
	Ledig	Utbygd	Sum	Transf.	Nytt frå LNF	Totalt	Utbygd	Ledig
NSB aust Nærbø	43	68	111	-111 ³	0	0	0	0
NSB vest Nærbø	0	52	52	-52 ³	0	0	0	0
Bjorlandsmarka, Nærbø	11	135	146	9 ²	0	155	155	0
Krusemarka, Nærbø	0	69	69 ¹	5	5	79	0	79
Bø, Nærbø	0	18	18	-2	29	45	16	29
Varhaug aust	0	64	64	-12 ¹	0	52	52	0
Tjemslandsm. Varhaug	89	26	115	0	0	115	50	65
Vigrestad nord for NSB	3	67	70	0	0	70	3	67
Vigrestad sør for NSB	0	12	12	-12	0	0	0	0
Stokkelandsmarka	144	120	264 ¹	0	9	273	149	124
Sirevåg, Nylund	33	12	45	0	0	45	12	33
Sirevåg, Skoga	103	9	112	0	0	112	13	99
Mindre tettstedsareal	45	33	78	-13	0	65	45	20
	471	685	1156	-188	43	1011	495	516

¹ Sum i samsvar med endeleg vedtatt kommuneplan 2007-2022² Justert i samsvar med godkjent reguleringsplan³ Omgjort til sentrumsareal

Utbygd generelt næringsareal er redusert frå 685 daa frå 2007 til 495 daa i 2013. Dette skuldast først og fremst at noko utbygd næringsareal er omgjort til anna formål, mellom anna sentrumsformål. Utbygd areal til spesielle næringar er på den andre sida i same periode auka frå 294 daa til 477 daa. Dette skuldast først og fremst utbygging av næringsmiddelbedrifter i Kviamarka. Samla er netto ledig areal redusert frå 874 daa til 853 daa.

Framtidig behov for areal til generell næringsetablering

Etterspurnaden etter tomter for ny- og reetablering av bedrifter aukar. Med det sterke utbyggingspresset som er i regionen, og påfølgjande høge tomteprisar i dei mest sentrale stroka, kan det mellom anna sjå ut til at etterspurnaden etter tomter for bedrifter med stort arealbehov er aukande. Det kan vere konfliktfylt å lokalisere slike plasskrevjande bedrifter innafør kjerneområde for landbruk. Samla gevinst for regionen i form av alternativ utnytting av tidlegare tomteareal, redusert transportbehov med meir kan likevel i nokre saker forsvare

slik relokalisering. Det er då viktig at det i nylokaliseringa blir lagt sterk vekt på å knyte plasseringa nær opp til dei eksisterande tettstadene og kollektivknutepunkta.

I vurderinga av framtidig behov, har kommunen lagt til grunn at etterspurnaden etter næringsareal vil ligge på om lag same nivå som i dei siste åra. I tillegg er det lagt til grunn at det skal vere noko areal tilgjengeleg i alle tettstadene, men at planen skal legge til grunn at Si-revåg med Skoga skal presenterast som hovudsatsingsområde for generell industriutbygging. For Kviamarka er det vist ei mindre utviding for etablering av mindre matbedrifter. Om det skulle kome spørsmål om større etableringar, må dette vurderast særskild.



AREAL OG UTBYGGINGSSTRATEGIAR

12.1 Tettstads- og sentrumsutvikling

Målsetting for planarbeidet:

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkelandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Hovudgrep i langsiktig arealstrategi:

- Planen skal vise langsiktig grense mellom tettstads utvikling og kringliggande landbruksområde for Nærbø, Varhaug og Vigrestad i eit 40-års perspektiv.
- Bustadutbygginga skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innafor tettstadsgrensene.
- I Stokkelandsmarka skal tilrettelegging av nye utbyggingsareal tilpassast etterspurnaden.
- I arealplanlegging og ved behandling av enkeltsaker skal det leggjast sterk vekt på å oppnå gode bumiljø, i form av trafikktrygge løysingar, tilgang til gode og tilstrekkelege fri- og leikeareal og estetisk gode løysingar.
- Bustadutbygging utan tilknytning til landbruksdrifta skal ikkje tillatast i landbruksområda utanfor tettstadene.

Tettstadene

Tettstadene i kommunen har vakse fram rundt Jærba-
nen ved stasjonsområda i Nærbø, Varhaug, Vigrestad,
Brusand, Oгна og Sirevåg. Arealdelen av kommune-
planen legg opp til at stasjonsbyane skal styrkast som

busenter, servicesenter og som arbeidsstader. Bustad-
bygginga skal skje i tettstadene. Tilrettelegging av
næringsareal skal også i størst mogleg grad kanalisert
mot tettstadene eller tilrettelagde område slik at dei
langsiktige ulempene som følgjer av spreidd utbyg-
ging skal bli minst mogleg for landbruket, naturen og
friluftslivet. Det skal vere klare og langsiktige grenser
mellom tettstadene og LNF-områda.

Utbyggingsmønsteret og arealutnyttinga skal legge til
rette for ei funksjonell og ressursvennleg transportav-
vikling med vekt på å betra tilhøva for kollektivtrafikken.
Det skal leggjast til rette for ei høg arealutnytting opp
mot stasjonsområda. Kommuneplanen sine retningslin-
jer om arealutnytting i bustad- og næringsområde skal
leggast til grunn for utbygginga.

Høg utnytting av areala i tettstadene gjer at det blir
stadig viktigare å sikra at målet om gode leve- og opp-
vekstmiljø blir ivaretatt. Det må leggjast særleg vekt på
å utvikle gode bu- og sentrumsmiljø med god kvalitet
i fellesområda, leikeplassar, og uteopphaldsareal. I
tillegg er det viktig med god tilgang til samanhengande
friluftsliv-/friområde med turstiar. Grønstruktur skal ha eit
spesielt fokus ved utbygging i dei tettbygde områda av
kommunen. Ut frå dette er det utarbeidd nye normer for
leike- og friareal.

Sentrumsområda

For Nærbø, Varhaug og Vigrestad er sentrumsområda avgrensa og vist på kommuneplankartet. Alle vesentlege sentrumsfunksjonar, det til seie i alt vesentleg detaljhandel, skal då etablerast innafør desse områda. I føresegnene er det fastlagt at bare nærbutikkar mindre enn 1 000 m² kan plasserast utanom sentrumsområda.

Kommunen vil gjennom arealplanlegginga legge til rette for utvikling av sentrumsområda i dei ulike tettstadene. Ved utbygging i sentrumsområda skal det leggest til rette for ulike publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemdar. Mellom anna skal det leggest til rette for næringsverksemd i dei etasjane som naturleg vender seg til publikum. Utviklinga av sterke og attraktive sentrumsområda må skje i eit langsiktig perspektiv. Det må difor gjennomførast ei restriktiv haldning til omdisponering av sentrumsareal til for eksempel bustadformål.

Innbyggjarane i tettstaden utgjør sjølv det viktigaste kundegrunlaget og den viktigaste brukargruppa for sentrum og sentrumsfunksjonane. Fortetting, spesielt i sentrumsnære bustadområde, vil difor vere ein viktig strategi for å oppnå levedyktige sentrum.

Utvikling av gode og effektive trafikk- og parkeringsløyningar utgjør viktige element i utforminga av gode sentrumsområde. Store parkeringsareal som bryt opp bygningsmiljøet i sentrum kan vere øydeleggande for utvikling av eit attraktivt sentrum. Plasseringa av sentrumsområda rundt jernbanestasjonane kombinert med dei relativt korte gangavstandane det er i tettstadene i Hå, opnar for at det i parkeringsnorma kan setjast maksimalgrenser for parkeringsareala i sentrum. Krav om at deler av parkeringa må skje i underjordiske anlegg kan også redusere ulempa av store parkeringsareal. Det er utforma ein eigen parkeringsnorm som tar omsyn til dette. Norma er tatt med som ein del av føresegnene og blir med det ein del av den juridisk bindande delen av arealplanen.

Det må også leggest stor vekt på opprusting av offentlege gater, plasser og grøntanlegg. Ved utbygging i sentrumsområda skal kommunen ha eit spesielt fokus på estetikk. Bygningar og uteareal skal ha god kvalitet både når det gjeld materialbruk og utforming.

Arealbruken innanfor sentrumsområda må vidare detaljerast ved utarbeiding av reguleringsplanar for utforming av eit meir konkret regelverk for fortetting og kombinasjon av bustader og næring/erhverv.



12.2 Transport

Kollektivtransport

Jernbanen utgjør hovudstamma i kollektivnettet gjennom kommunen. Kommunen ser det som viktig å gjera jernbanen til eit enda meir attraktivt transportmiddel. Det bør i den pågåande utbygginga av Jærbanen bli tilrettelagt for eit rutetilbod med halvtimesfrekvens gjennom kommunen. I den grad bygging av dobbelspor sørover Jæren er nødvendig for ein slik auka kjørefrekvens, må dette gis høgaste prioritet. Utbygging av Jærbanen må gjennomførast slik at den strategisk støttar opp om ei utbygging av Stokkalandsmarka og områda sørover som ligg utanfor kjerneområde landbruk.

Hå kommune ønskjer å forskyve Brusand stoppestad nordover slik at Stokkalandsmarka kan få eit attraktivt kollektivtilbod. Stasjonsområda bør byggast om og rustast opp.

Hovudvegnettet

Fylkesveg 44 er hovudstamma i nord-sør sambandet, der særleg kontakten mot byområdet i nord er viktig. Fylkesveg 504 utgjør det viktigaste tverrsambandet på Sør-Jæren mellom fv 44 og E 39. Særleg for næringsutviklinga i kommunen er denne kontakten med E 39 av stor interesse. Fv 44 og fv 504 må rustast opp til ein standard som sikrar og styrkar dei som trygge og effektive transportårer gjennom kommunen.

Kommuneplanen legg opp til ei sterk fortetting i stasjonsbyane og ei omfattande utbygging i Stokkalandsmarka. Sjølv med ei vidare satsing på Jærbanen, vil utbygginga medføre ei sterk auke i biltrafikken. For å kunne planlegge og opparbeide gode og trafikktrygge bumiljø, er det viktig å legge til rette for eit vegsystem som leiar biltrafikken snarast råd ut på overordna vegnett og avlastar tettstadene for gjennomgangstrafikk.

Det er lagt inn følgjande nye hovudvegar med rettsverknad:

- Ny omkøyringsveg aust for Nærbø, frå Torlandsveien (fv. 215) over jernbanen med kryssing av Gudmestadvegen (fv. 181) på Bø og vidare fram til Opstadvegen (fv. 181) på Rosk. Vegtraseen er samanfallande med langsiktig grense aust for Nærbø.
- Ny omkøyringsveg nordaust for Vigrestad, frå Småhauganevegen (fv. 143) og fram til Langgata i krysset Langgata/Rundvegen (fv. 131/180).
- Ny veg frå Stokkalandsvengen nordvest for Brusand over jernbanen, forbi Sandve og til Fuglestadvegen (fv. 133) på Bø. Haugstadvegen blir forlenga sørover frå Stokkalandsmarka gjennom dei nye utbyggingsområda og fram til den nye hovudvegen inn frå fv. 44.

Også Buevegen (fv 504) som i dag går gjennom Varhaug skapar trafikale og miljømessige utfordringar. Kommunen vil derfor ved komande planrevisjonar vurdere alternative vegtrasear lagt utanfor tettstaden.

Gang- og sykkelvegar

Kommunen ser det som viktig å satsa på ei vidare utbygging av gang- og sykkelvegar langs hovudvegnettet. Dette både med tanke på trafikktryggleik for mjuke trafikantar og for å legge til rette for redusert bilbruk. Ved denne rulleringa er det lagt inn nye gang-/sykkelvegar langs:

- Ny omkøyringsveg på Nærbø
- Ny omkøyringsveg på Vigrestad
- Ny omkøyringsveg nord for Brusand, fv. 133
- Langs ny hovudveg gjennom Stokkalandsmarka (Haugstadvegen)
- Fv. 131 frå Herikstad til Haugseng
- Mellom Kviamarka og Bådenvegen

Parkering

Høg arealutnytting i tettstadene og satsing på jernbanen som transportmiddel, krev at trafikk- og parkeringsproblematikken blir via ekstra merksemd.

Det er utforma ein eigen parkeringsnorm for kommunen. Hovudpunkta i denne er:

- Det blir innført ei minimum- og ei maksimalgrense for parkering i sentrumsområda i Nærbø, Varhaug og Vigrestad.
- Deler av parkeringa i sentrumsområda skal dekkast ved bygging av underjordiske anlegg.
- Det skal innførast ei frikjøpsordning der utbyggarar kan betale ein fastlagt sum til kommunen per manglande parkeringsplass som kommunen skal nytte til å bygge offentlege parkeringsanlegg.

12.3 Bustader

Nye bustadareal

Med bakgrunn i ein streng jordvernpolitikk og for å oppnå gode og samordna transport- og utbyggingsløsningar, skal bustadutbygginga skje i tettstadene og i Stokkelandsmarka. Det er lagt opp til at storparten av nye bueiningar i planperioden kjem gjennom fortetting og transformasjon i allereie utbygde område eller i nye utbyggingsområde som allereie er frigitt.

For å «husholdere» med utbyggingsareal skal det leggest opp til høg arealutnytting, med høgast utnytting inn mot jernbanestasjonane. Ei særleg utfordring ligg i å oppnå god kvalitet på fortettingsprosjekt. Det må leggest stor vekt på å innpassa enkeltprosjekta i eksisterande bustadområde både bygningsmessig/estetisk, og når det gjeld trafikk, parkeringsdekning og behov for uteareal. Ved fortettingsprosjekt på enkelttomter eller mindre areal, må kravet om tett utbygging normalt reduserast for å oppnå tilfredsstillande kvalitet i bumiljøet. Fortettingsprosjekt skal normalt handsamast gjennom ein reguleringsprosess – dette både for å sikre kravet om medverknad og for å oppnå gode rammer for utbygginga samfunnsmessig sett. Det er ei målsetting å unngå uheldige enkeltprosjekt som lett oppstår gjennom deling av ein bustadtomter, såkalla eplehagefortetting. Det er derfor tatt inn i føresegnene at det ikkje er tillate å dele enkelttomter mindre enn 1,2 da utan at dette inngår i ein godkjent reguleringsplan.

Det er ved denne rulleringa av kommuneplanen lagt til grunn at ein vesentleg del av bustadbyggingsbehovet skal dekkast gjennom fortetting og transformasjon. Det medfører at det ikkje er behov for vesentleg nye utbyggingsareal til bustader i dei tre nordlegaste tettstadene.

VISSTE DU AT...?

- I Norge er det bevart 100 jærhus, 53 av desse i Hå kommune
- Elevane ved Vigrestad storskule lærer spansk og tysk alt frå 5. klasse
- Elevane på Høyland skule gjekk på skule i eit hønsehus under andre verdskrigen
- Ogn skule skal rivast og ny skule stå ferdig til jul 2017
- Nær på alle rektorar i Hå har master i kunnskapsleing
- Hå gamle prestegard har sidan starten i 1983 synt 600 ulike utstillingar
- Hå folkebibliotek har tilgang til over 1000 e-bøker som ein kan låne gratis
- Høyland skule har den eldste skulebygningen i Hå, bygd i 1918 med ein byggekostnad på kr 3000



For Stokkalandsmarka er situasjonen ein annan. Arealoversikten viser at det her er ein arealreserve som går ut over kommuneplanperioden. M.a. krav om nytt vegsamband direkte ned til fv 44 har gjort det nødvendig å revurdera dei tidlegare planane for vidare utbygging i området. Det er nå utforma ei løysing der fv 133 frå Matningsdal er lagt i ny trase over Sandve og ned til fv 44 rett nord for Brusand. Haugstadvegen frå Vigrestad til Stokkalandsmarka er vidareført søraustover til han møter ny fv 133 på Sandve. Det vert og gjort framlegg om å flytte jernbanestoppen på Brusand nordover til kryssingspunktet mellom ny fv 133 og jernbanelinja. Utforminga av utbyggingsområda i Stokkalandsmarka er som ein følgje av dette også omarbeida.

Ei så omfattande bygging av nye kommunikasjonsanlegg vil, som for Nærbø og Vigrestad, krevje store investeringar som delvis må dekkast gjennom den planlagde

utbygginga. Dette krev at utbygginga må ha eit visst omfang for å kunne realiserast. Elles vil utbygginga av Stokkalandsmarka som eit avlastingsområde for utbyggingspresset lenger nord i kommunen og eventuelt i regionen, stanse opp. Kommunen legg til grunn at regionale og statlege styresmakter både politisk og økonomisk stiller seg bak den skisserte utbygginga.

Stort fokus på høg arealutnytting medfører at tilbodet av einebustadtomter blir svært avgrensa framover både på Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Kommunen vil difor legge til rette for einebustadtomter i Stokkelandsmarka. Einebustadområda i Stokkelandsmarka skal utviklast som heilskaplege område og ein skal unngå oppdeling av tomter og bygging av tomannsbustader og liknande. Konsentrert utbygging i Stokkelandsmarka skal berre skje i regulerte felt for konsentrert busetnad.

Tabell 26. Areal sett av som nytt bustadareal

Krins	Daa
Nærbø	38
Varhaug	26
Vigrestad	39
Stokkalandsmarka	277
Sum	380



12.4 Næringsområde

Nye næringsområde

Tabell 27 viser nytt næringsareal i kommuneplanen.

I tillegg kjem 16 da sentrumsareal på Nærbø som er omdisponert frå industriareal.

Tabell 27. Areal sett av til nytt næringsareal (16 år, 2028)

Krins	Næringsareal	Areal
Nærbø	Generelt næringsareal	39 daa
Varhaug	Generelt næringsareal	6 daa
Vigrestad	Sentrumsareal	14 daa
Stokkalandsmarka	Næring	9 daa
Kviamarka	Næringsmiddelindustri	26 daa
Gausland	Industriområde	69 daa
Sum		163 daa

Arbeidsplassintensiv industri

Kommunen vil generelt lokalisere industri med høgt tal arbeidsplassar og etter måten lite arealbehov nærast sentra og kollektivknutepunkta. Høg utnytting av næringsareala er spesielt viktig innanfor «kjerneområde landbruk». I Nærbø, Varhaug og Vigrestad vil kommunen ha eit spesielt fokus på utnyttinga av næringsareal. Eigne retningslinjer for utnyttinga av næringsareal går fram av krav til arealutnytting av næringsområde og tabell 28.

Spesielt tilrettelagde område («næringsklynger»)

Hå kommune vil legge til rette eigne næringsområde

for utvalde næringsklynger. Fordelar med slike område er samling av kompetanse, betre samordning og generelt fleire felles interesser internt i området. I Sirevåg er områda ved hamna avsett til fiskerirelatert industri, eventuelt annan sjøretta industri. I Kviamarka er området reservert til næringsmiddelindustri i eit regionalt perspektiv. Næringsområdet på Grødaland er avsett til avfallshandtering for organisk material, kloakkreinsing o.l. Kalsvarden næringsområde reservert for pelsdyroppdrett og Småhaugane næringsområde for avfallshandtering er to andre slike næringsområde. Eit skjematisk oppsett for næringsklynger i kommunen går fram av tabell 28 nedanfor.

Tabell 28. Utnytting av ulike næringsområde i kommunen

Næringsområde	Arbeidsplassintensiv ¹	Publikumsorientert ²	Høg utnyttingsgrad ³	Spesielt transportavhengig ⁴	Spesiell næring/ næringsklynger ⁵
Jernbaneskogen, Nærbø	+++	+	+++	Jernbane	
Gausland	+/-	- - -	+/-		Betongindustri
Kviamarka	++	- -	++	Jernbane, veg	Næringsmiddel
Bjorlandsmarka	++	+/-	+++	Veg	
Grødaland	+/-	- - -	++		Avfallshandt.
3. kvadr. Fjordland, Varhaug	+++	+/-	+++		Næringsmiddel
Tjemslandsmarka	++	+	+++	Veg	
Småhaugane	++	- -	+		Avfallshandt.
Vigrestad nordaust jernbane	+++	+++	+++		
Stokkelandsmarka	+	-	-		
Brusand nord	+++	+++	++		Reiseliv
Nylund, Sirevåg	- -	- -	-		
Hamn nord, Sirevåg	-	-	+	Sjøtransport	Fiskeriretta
Hamn sør, Sirevåg	-	- -	+	Sjøtransport	Sjøretta
Indre hamn, Sirevåg	+	++	+	Sjøtransport	Fiskeriretta
Skoga	+/-	+/-	+/-	Veg	
Holmane hamn	+/-	+/-	+/-	Sjøtransport	

Forklaring til tabellen: Ynskje om type verksemd i eit område er vist frå svært ønska (+++) til svært uønska (- - -)

¹Arbeidsplassintensive verksemder har forholdsvis mange tilsette per dekar brukt areal.

²Publikumsorienterte verksemder er knytte til handel, service og kontor.

³Høg utnyttingsgrad kan målast i høg prosent bygd areal (%BYA) eller høg grad tomtutnytting (TU).

⁴Område som er eigna til verksemder med særskild transportbehov, type transport er spesifisert.

⁵Næringsområde der ein ynskjer at tilgrensande aktivitetar skal etablerast går fram av tabell, næringsklynger er spesifisert.

Plasskrevjande industri

Med plasskrevjande industri forstår kommunen industri med mindre enn ein tilsett per dekar. Dette kan vere lagerområde, fryseri, produksjon av store kolli, større lokale/fabrikkar med sterkt automatisert produksjon med meir. Slike verksemder bør ikkje lokaliserast på næringsareal innanfor «kjerneområde landbruk» eller nær opp til kollektivknutepunkt.

Ein ser for seg at næringsareal i Stokkelandsmarka og Sirevåg kan nyttast til meir plasskrevjande verksemder. Dei mest stasjonsnære areala i Sirevåg bør ikkje nyttast til plasskrevjande industri.

Lokaliseringsfaktorar

Lokalisering av ulike typar næringar skal skje ut frå faktorar som avstand til stasjon og sentrum, jordvern, samt ynskje om utvikling av næringsklynger. Utgangspunktet skal vere at utnyttinga er høg sentralt i tettstadene, nær jernbanestasjonane og innanfor kjerneområde landbruk. Arealkrevjande næringar med færre sysselsette (og som ikkje er publikumsretta) skal plasserast lenger vekk frå stasjonane og utanfor kjerneområde for landbruk, jamfør tabell 11. Det vert også vist til retningslinjer for utnytting av næringsareal.

Hå kommune skal arbeida aktivt og framtidsretta med omsyn til utvikling og tilrettelegging av nye næringsareal. Kommunen skal i størst mogleg grad ha hand over utbyggingsareala sjølv for best mogleg å kunne styra tomtetildeling og arealutnytting.

Estetikk

Større bygge- og anleggsarbeid skal vurderast som del av eit samla landskap. Moderne element skal spegla si samtid og harmonera med omgjevnadane, eller kontrastera på ein meningsfull og oppbyggande måte. Store fasadar skal brytast opp og vifteanlegg skal byggast inn som del av bygningskroppen.

Ubygde delar av tomt kan nyttast til parkering, utelager, rekreasjon eller plantast til. Areal skal gjevast ei estetisk tiltalende utforming ved at det vert etablert grøne areal. Ubygde delar av tomtene skal i hovudsak vere

ferdig opparbeida samstundes med at bygningen vert tatt i bruk. Tomtene kan likevel utbyggast i fleire trinn. Lagring på uteareal skal skjermast frå kringliggjande areal.

Fortetting

Knapphet på nye tilgjengelege næringsareal vil i tida framover gjera det meir aktuelt å fokusera på fortetting og «gjenbruk» i/av allereie etablerte næringsområde og næringsbygningar. Fortetting i eksisterande næringsområde vil truleg vere spesielt aktuelt i Nærbø og Varhaug. Ein stor del av areala i moglege fortettingsområde vil vere i eige av private – fortetting vil såleis måtta krevja at kommunen går i dialog med grunneigarar og etablerte føretak. Omregulering av eksisterande næringsområde kan vere aktuelt for å auke utnyttingsgraden.

Fiskerihamner

Kommunens sjøområde omfattar 1 nautisk mil utanfor grunnlinja ev avgrensa av statens (Kystverkets) arealmessige utstrekning til hovud- og bi-leier. Sirevåg hamn er organisert i eige kommunalt føretak og omfattar fiskerihamnene Sirevåg hamn, Kvasshem hamn og Holmane hamn i tillegg til Madland og Obrestad hamn.

Som kommunens styringsorgan, nedfelt i Forskrift om bruk av og orden i hamner Hå kommune, har hamnestyret ansvar for oppsyn med all bruk av og verksemd i kommunens sjøområde. Den daglige drift er tillagt hamneadministrasjonen. Kommunen er pålagt å lage ein felles avfallsplan relatert til fritidsbåtar (båtforeining) i 2014.



Vindkraftanlegg

Høg-Jæren og Skinansfjellet vindkraftområde er lagt inn i kommuneplanen i samsvar med godkjente reguleringsplanar. Eit anlegg på Øvre Håland og eit på Friestad har fått konsesjon, men det føreligg ikkje reguleringsplanar for områda. Desse områda er derfor lagt inn som omsynssoner på plankartet og endeleg arealavgrensing må gjerast i reguleringsplanen.

Matningsdal idrettslag har i eit innspel til kommuneplanen skissert ei løysing der det blir etablert anlegg for ulike idrettsaktivitetar internt i Skinansfjellet vindkraftområde. Dette er ikkje tatt med i denne kommuneplanen, men må vurderast for seg som eiga sak.

Hå kommune har vore positiv til utbygging av vindkraftanlegg i kommunen. Men i det opne jærlandskapet vil det vere uheldig om det oppstår mange større eller mindre vindparkar som vil dominere landskapsbiletet. Det vil derfor i denne planperioden ikkje bli opna for fleire vindparkar. Derimot bør det kunne tillatast bygging av mindre gardsvindmøller som tilskot til den lokale energiforsyninga på det enkelte gardsbruket. Slike møller bør ikkje vere høgare enn 30 meter og bør avgrensast til ei mølle per gardsbruk. Reglar om dette er tatt med i føresegnene til planen.



Krav til arealutnytting i næringsområde

Krav til arealutnyttinga i næringsområde ved framlegging av nye reguleringsplanar. Krava skal vere retningsgjevande ved handsaming av byggesøknader, samt for søknader om kjøp/leige av kommunalt næringsareal, når krava ikkje ligg inne i godkjent reguleringsplan.

- Nær sentrum i tettstadene skal det berre etablerast verksemder som har forholdsvis mange tilsette per dekar og/eller er kunderetta. Verksemdene som er mest arbeidsplassintensive / kunderetta skal lokaliserast nærast opp til kollektivknutepunkt/stasjonane. Innanfor ei grense på 500 meter frå stasjonane skal det vere særleg høg utnytting av areal og særleg fokus for å få inn arbeidsintensive og kunderetta næringar.
- I næringsareal innafør kjerneområde for landbruk skal utnyttinga av næringsareala vere høgare enn utanfor kjerneområdet. Utviding av eksisterande arealkrevjande verksemd innanfor kjerneområde for landbruk skal berre skje dersom verksemda kan dokumentera behov for meir areal, dette vil krevja regulering eller dispensasjon.
- Etablerte næringsområde i tettstadene skal fortettast når det ikkje er vesentlege konflikhtar knytt til fortettinga.
- Enkelte næringsområde i kommunen skal vere avsett til spesielle typar verksemder:
 - Kviamarka, næringsmiddelindustri
 - Grødaland, avfallshandtering frå landbruket
 - Kvadrant Varhaug (Fjordland), næringsmiddelindustri
 - Småhaugane, avfallshandtering
 - Sirevåg hamn, fiskeriretta industri

Ved spørsmål om lokalisering av nye verksemder i slike område, må ønsket om samlokalisering vega tungt i forhold til krav om utnytting i næringsområda.

- Ved utarbeiding av reguleringsplan for næringsområde, skal det med bakgrunn i retningslinjene i kommuneplanen tas stilling til utnyttingsgraden i byggeområda.
- I samband med søknad om bygging og frådelling etter § 21-9 i plan- og bygningslova skal det dokumenterast at lokalisering og tomtestorleik er i samsvar med intensjonane i kommuneplanen. Det skal gjerast greie for forventta utnyttingsgrad (t.d. BYA) og forventta tal arbeidsplassar. I tillegg skal det følgje med delingsplan som skal vise plassering av bygg, veg- og parkeringsareal, grøntareal og korleis resten av området skal disponerast.
- Før kommunen inngår avtalar om sal av kommunalt næringsareal, skal kommunen sjå til at lokaliseringa av den aktuelle verksemda er i tråd med desse retningslinjene.

12.5 Fritidsbustader

Utbygging av fritidsbustader skal avgrensast til område avsett til fritidsbustader i kommuneplanen. Storparten av dei avsette areala ligg i områda Oгна, Sirevåg, Holmane og Vatnamot. I tillegg ligg det inne to mindre areal ved Refsnes og Brusand. Det er i føresegnene utforma eigne reglar om fritidsbustader, for eksempel om maks storleik, forbod mot bygging av garasje m.m.

12.6 Landbruksområde, kultur- og naturlandskap

Generelt

Enkelte område i kommunen er bandlagt med heimel i særlov, etter plan- og bygningslova eller at kommunen sjølv meiner det er aktuelt å bandlegge i nær framtid.

Tabell 29. Bandlagde område i Hå kommune

Område	Type vern	Storleik	Merknad
Jærstrendene	Landskapsvern	16,1 km ²	Natur- og kulturlandskap, Plante/fugleliv, geologiske naturminne
Rabali	Natur	154 da	Eikeskog
Vigremyra	Natur	50 da	Rikmyr
Synesvarden	Landskapsvern	13 km ²	Hei og myrområde. Kulturlandskap. Dødis-terreng
Bjårvatnet	Natur	1.077 da	Hekke/trekkområde for fugl
Søylandsvatnet	Natur	710 da	Hekke/trekkområde for fugl
Hagavatnet	Vassdrag	-	Drikkevatn
Øvre Forevatn	Vassdrag	-	Drikkevatn
Vedafjell	Kulturminne	-	Krigsminne
Audamotland	Friluftsliv	-	-
Fuglestad	Kulturminne	12 da	Kvernhus, kulturlandskap

Landbruksområde

Hå kommune skal i arealplanlegginga praktisere eit strengt jordvern. Langsiktige grenser for landbruk skal i størst mogleg grad nyttast for at landbruket skal kunne ha klare rammer for disponibelt landbruksareal inn- anfor ein 40-årsperiode. Ut frå endringar som er gjort i arealbruken på Nærbø, Varhaug og Vigrestad, er det ved denne rulleringa lagt inn nye langsiktige grenser for landbruk.

Vern av areal og bygningar

Grensene for landskapsverneområdet langs Jærstrendene er lagt inn i kommuneplanen etter vedteken verneplan og omfattar også verneområde i sjø. Då verneområdet i sjø kjem svært nær opp i molo ved Sirevåg, har kommunen lagt inn ei vernegrense i sør som tar omsyn til moloen og hamneaktiviteten i området.

Håelva og Fuglestadåna er dekkja av rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Det er lagt inn eit restriksjonsområde på 100 meter langs elvestrengane med krav om at gjennomføring av bygge- og anleggstiltak bare kan skje i medhald av godkjent reguleringsplan.

Kulturminnevernplanen for Hå 2005-2016 er blant dei dokumenta som skal vere retningsgjevande for arealplanlegginga i kommunen. Automatisk freda kulturminne går fram av plankartet med eige symbol for fornminne (R). Kartet er oppdatert med omsyn til freda kulturminne/anlegg frå nyare tid (bandlegging etter lov om kulturminne). Vidare er alle anlegg i museumsvern/offentleg vern og alle objekt i klasse A markert med eit symbol (K) i kommuneplanen med tanke på seinare regulering til «spesialområde bevaring» etter plan- og bygningslova. Førreslegne verneobjekt som er vist med «K» inne i verneområde (Jærstrendene), er derimot berre meint som ein opplysning i kartet. Desse skal ikkje regulerast.

I enkelte av dei planlagde utbyggingsområda i kommuneplanen kjem framtidig arealbruk i konflikt med automatisk freda kulturminne. Gjennom detaljplanlegginga må framtidig status avklarast og vidare vern eventuelt sikrast ved hjelp av «spesialområde vern» i framtidig reguleringsplan.



Området ved Hå gamle prestegard/Obrestad fyr/Obrestad hamn og området ved Varhaug gamle kyrkjegard er to viktig kulturhistoriske område. For å sikra desse kulturverdiane i framtida skal det utarbeidast reguleringsplanar for desse områda med retningslinjer for m.a. nye byggetiltak. Dei to områda som skal regulerast er vist på plankartet.

Området ved Kongsvarden (fleire A-objekt) ynskjer kommunen å sjå på gjennom ein heilskapleg plan. Kongsvarden med tilgrensande nedlagde gardsbruk/husmannsplassar skal vurderast samla med omsyn til steingardar, inngjerding, dyrka mark, kjerrevegsamband og hovudvegsamband til omliggjande område. Ein bør ut frå dette arbeidet vurdere nærare om enkelte areal/bygningar bør få ei form for juridisk vern, eventuelt bli rekonstruert eller liknande.

Naturområde

Det vart i 2003 utarbeidd ein rapport om verdfulle naturtypar i Hå kommune. Registreringane av verdfulle naturtypar er eit viktig grunnlag for kommunen når ein i ulike samanhengar skal gjera avvegingar og ta stilling til arealbruken i ulike (LNF)område. Kommunen vil prioritere å få ferdigstilt registreringane og gjera desse meir

tilgjengelege for kommunal sakshandsaming i ulike arealspørsmål.

Område for lufting av hund

Med eit utvida krav om bandtvang, er det oppstått eit behov for eigne område for lufting og trening av hundar der hundane kan sleppast fri utan å vere til ulempe eller sjenanse for andre dyr eller folk. Kommunen har i denne planprosessen ikkje funne eigna areal til dette føremålet, men vil i tida framover ha spørsmålet under oppsikt for å sjå om behovet kan avhjelpast.

VISSTE DU AT...?

I Hå kommune har me:

- 13 065 sauer (vaksne og lam)
- 8789 mjølkekyr
- 833 ammekyr
- 18 379 andre storfe
- 3474 avlspurker og rånar
- 111 611 verpehøns
- 223 hestar
- 19 310 mink
- 89 686 slaktegriser (2013)
- 221 400 livkyllingar (2013)
- 3 181 958 slaktekyllingar (2013)

12.7 Tilgang for alle

Universell utforming i arealplanlegginga medfører at bygg og uteområde skal utformast og haldast ved like på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg, utan at det er behov for spesiell tilpassing eller hjelp.

Hå kommune har eit langsiktig mål om at bygningar og uteareal i størst mogleg grad skal utformast etter prinsippet om universell utforming.

Kommunen legg følgjande strategiar til grunn:

- For nye anlegg som er under planlegging skal det foretas ei konkret vurdering av korleis krava til universell utforming kan gjennomførast.
- I drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal ein i det daglege arbeidet så langt som råd sjå til at tiltaka blir gjennomført etter prinsippa om universell utforming.
- Enkle, mindre tiltak (merking, skilting, dørøpnarar, teleslynger etc.) skal prioriterast jamnleg og bli utbetra innanfor det ordinære vedlikehaldsbudsjettet.

12.8 Energi

Energiøkonomisering og bruk av alternative energikjelder vil vere viktig for å oppnå målet om ei berekraftig utvikling i kommunen. Vassborne varmeanlegg (golvarme, radiatorar) gjer det mogleg å nytte ei rekkje energibærarar til oppvarming (t.d. elektrisitet, fjernvarme, olje, gass, sol). Ved å nytte elektrisitet til varmepumpedrift kan ein elles få igjen ei nyttbar energimengd som i snitt kan vere opp til tre gongar den energimengda ein treng til drifta av varmepumpa.

Det føreligg allereie i dag eit distribusjonsnett for alternativ energiforsyning med fjernvarmeanlegg og gassforsyning i kommunen. Den vidare tettstadsutviklinga i kommunen skal bygga opp om eksisterande- og mogleg framtidig ny infrastruktur for alternativ energiforsyning.

12.9 Utbyggingsavtalar

Utbyggingsavtalar kan omfatte teknisk og grøn infrastruktur, bustadpolitiske tiltak og andre tiltak som er naudsynte for gjennomføringa av eit konkret utbyggingsprosjekt. Slike avtalar er eit viktig verkemiddel for kommunen når private utbyggarar skal gjennomføra utbygging etter vedtekne arealplanar. Hå kommune har utarbeidd eigne rammer for kva som kan forventast av innhald i utbyggingsavtalar i kommunen, jf. føresegnene til arealdelen.

Hå kommune legg til grunn at det vil vere krav om utbyggingsavtale i dei tilfella der kommunen eller andre offentlege interesser (for eksempel Statens vegvesen og Jernbaneverket) har økonomiske og/eller andre interesser i forhold til «kvaliteten» på det arbeidet som skal utførast.

Private grunneigarar og utbyggarar må generelt sett inngå utbyggingsavtale dersom:

- Utbygginga medfører at det skal opparbeidast teknisk eller grøn infrastruktur som kommunen eig eller skal overta.
- Det er større byggeprosjekt for bustader eller næringsareal.
- Det ligg føre rekkefølgekrav, krav til bustadpolitiske tiltak, eller krav til andre naudsynte tiltak.

12.10 Estetikk

Kommunen skal sjå til at estetikk blir ivaretatt ved utarbeiding av reguleringsplanar, utbyggingsplanar og enkelttiltak, jf. §§ 29-1 og 29-2 i plan- og bygningslova. Bygg, konstruksjonar og uteareal skal ha ei terrengtilpassing og arkitektonisk utforming slik at estetiske omsyn vert ivaretatt både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane. Gjerde/forstøtnings-murar og buskar/tree skal sjåast i ein heilskap. Ved etappeutbygging må ein vurdere maksimal utnytting av arealet med omsyn til bygg, mellombelse arronderingar og tilplanting av unyttareal.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER



FØRESEGNER

1.1 Generelt

- 1.1.1 I område for bygg og anlegg kan arbeid og tiltak ikkje finne stad før området inngår i godkjent reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova (plbl) § 11-9, pkt. 1.
- 1.1.2 For byggeområde nemnt i pkt. 1.1.1 gjeld følgjande unntak frå kravet om reguleringsplan:
- Oppføring av påbygg, tilbygg, samt garasje og uthus for eksisterande småhus.
 - Oppføring av underbygg, påbygg og tilbygg på inntil 200 m² BRA på næringsbygg eller næringsseigedom, innafor BYA = 20 %.
 - Tiltak som er fritatt frå reglane for byggesaksbehandling etter forskrift.
 - Mellombels bruksendring av avgrensa del av bustad til heimekontor og anna strøktilpassa verksemd.
 - Bruksendring til anna type næring av avgrensa del av næringsbygg.
 - Innvendige bygningsmessige tiltak og fasadeendring.
 - Oppdeling eller samanslåing av bueiningar.
 - Oppføring av frittliggande småhus med inntil 4 bueiningar og tilbygg til frittliggande småhus med ei bueining.
 - Deling av eigedom med eit areal mindre enn 3 200 m².
 - Riving av mindre bygningar, garasjar og liknande, som ikkje er klassifisert i verneklasse A og B i kulturminnevernplanen.

Det er eit vilkår for unntak frå plankravet at:

- Føresegnene om krav til uteareal, parkering, tomteutnytting mm blir følgd og at bygningane er harmoniserte med omkringliggande bygningar når det gjeld høgde, takform, volum og plassering.
- Tomt for einebustad og tomannsbustad skal ikkje vere mindre enn respektive 800 og 1 200 m².

Med einebustad er meint ein frittliggande bygning med ei bueining, eventuelt med ei sekundær bueining på inntil 55 m² BRA.

Med tomannsbustad er meint eit frittliggande bustadhus med to bueiningar der begge bueiningane er større enn 55 m².

- 1.1.3 Område for bygg og anlegg kan ikkje byggast ut før tekniske anlegg og samfunnstenester som t.d. veg, trafikkikker skuleveg, kommunaltekniske anlegg, leike- og opphaldsareal, skulekapasitet og forsvarleg handtering av overvatn med nødvendig utjamning, er etablert, jf. plbl § 11-9, pkt. 4.
- 1.1.4 Prinsippa for universell utforming (UU) skal leggast til grunn for all arealplanlegging og utbygging i Hå kommune, jf. plbl § 1-1.

1.1.5 Det kan ikkje gjennomførast ny utbygging langs vassdrag og sjø som kan vere utsett for 200-års flaum eller område som kan vere utsett for stormflo, utan særleg vurdering og eventuell sikring.

1.1.6 Kulturminne og - miljø

Automatisk freda

a. «Omsynssone for automatisk freda kulturminne (H730). Områda er freda i samsvar med Lov om kulturminner av 1978, jf. § 4.

Det er ikkje tillate å utføre tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturstyresmaktene, jf. kulturminnelovens §§ 3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor områda vist som utbyggingsområde (busetnad og anlegg, samferdsel og teknisk struktur) skal søkast bevart gjennom omsynssoneregulering i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknande i framtidig område/detaljplan. Det skal i forbindelse med framtidig reguleringsarbeid utarbeidast skjøtselsplan for det arealet som blir avsett til omsynssone kulturminne innanfor avsett planområde.

Alle område vist som rune-R i kartgrunnlaget skal reknast som omsynssone H730, område verna med heimel i kulturminneloven».

b. «Før område- og detaljplanar kan bli vedtatt, vil kulturminnestyresmaktene vurdere om foreslått arealdisponering vil føre til konflikt i forhold til automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelovens §§ 3, 8 og 9. Dette gjeld alle område i kommuneplanen som ikkje tidlegare er frigitt av kulturminnestyresmaktene.

Tiltak unntatt det generelle plankravet skal sendast kulturminnestyresmaktene for vurdering i samsvar med Lov om kulturminner §§ 3, 8 og 9. Dette gjeld også for tiltak innanfor formåla grønstruktur og LNFR.

Nyare tids kulturminne

c. Obrestad fyr og Obrestad hamn er freda i samsvar med vedtak gjort etter Lov om kulturminner av 1978 §§15 og 19, og omfattar bygningar og området rundt.

Det er ikkje tillate å utføre tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturstyresmaktene (Rogaland fylkeskommune), jf. kulturminnelovens §§15 jfr. 15a og 19.

d. Objekta som blir omfatta av kommunen sin kulturminnevernplan (markert med K) skal søkast bevart, og blir ikkje tillate rivne. Føresegner i gjeldande kulturminnevernplan er retningsgjevande for kommunens forvaltning for alle tiltak som gjeld område og objekt i nemnte kulturminnevernplan. Objekt i omsynssone C blir merka med K.

e. Før rivning, ombygging eller fasadeendring på jærhus eller andre SEFRAK-registrerte bygningar vurdert til verneklasse A og B blir avgjort, skal det hentast inn uttale frå kulturvernet i Hå og Rogaland fylkeskommune.

f. Jærhus bør bevarast. I byggesaker der jærhus er integrerte i saka skal ein godta inntil «3 hus på garden».

- g. Faste kulturminne som lødde steingardar skal i størst mogleg grad bevarast som historieforteljande element for ettertida. Steingardar i eigedomsgrenser bør ikkje byggast ned eller fjernast.
 - h. Krigsminne bør som hovudregel ikkje fjernast. Dersom dette likevel blir aktualisert gjennom planarbeid eller byggesaker er kommunens kulturvernaving, landbruksavdeling og Rogaland fylkeskommune høyringsinstans.
 - i. Nærbø og Varhaug kyrker er listeførte av Riksantikvaren. Forvaltninga av listeførte kyrkjer, kyrkjegardar og kyrka sine omgjevnader skal skje i samsvar med rundskriv T-3/2000 frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Miljøverndepartementet.
- 1.1.7 Ved utbyggingstiltak kan kommunen krevje at det vert utarbeidd plan for bruk av overskotsmassar frå tiltaket. Matjord frå byggeområde må lagrast og transporterast utan å øydeleggja jordstrukturen til område for matproduksjon. Kommunen skal godkjenne planen.
- 1.1.8 Ved eitkvart utbyggingstiltak skal tiltakshavar dokumentere konsekvensane for overvassavrenninga, m.a. kapasitet i overvassnettet og mulege flomvegar. Kommunen kan pålegge tiltakshavar å gjennomføre tiltak for utjamning av avrenninga og for sikring av flomvegar.

1.2 Bustadområde

1.2.1 Krav til arealutnyttinga i bustadområde ved framlegging av reguleringsplanar. Krava skal også vere retningsgjevande ved handsaming av byggesøknadar der krava ikkje ligg inne i godkjent reguleringsplan:

- a. 500 meter frå banehaldeplass
 - Nærbø, Varhaug, Vigrestad: Minimum 4,5 bueiningar per dekar bruttoareal.
Min 70 – maks 160 % BRA
 - Brusand, Oгна, Sirevåg: Minimum 3,0 bueiningar per dekar bruttoareal.
- b. 1 kilometer frå banehaldeplass.
 - Nærbø, Varhaug, Vigrestad: Minimum 3,5 bueiningar per dekar bruttoareal.
- c. Andre område
 - Nærbø, Varhaug, Vigrestad: Minimum 2,0 bueiningar per dekar bruttoareal.
 - Stokkalandsmarka: Minimum 2,0 bueiningar per dekar bruttoareal.
 - Andre bustadfelt: Minimum 1,0 bueining per dekar bruttoareal.

Bruttoareal omfattar nettoareal regulert til bustadformål med tillegg av tilhøyrande bustadgater og leikeplassar. Overordna vegsystem og grøntstruktur skal ikkje medrekast.

- 1.2.2 Garasje/uthus kan ha eit maksimalt bebygd areal på 50 m² BYA. Maksimal gesimshøgde kan vere 3,0 meter og maksimal mønehøgde 5,0 meter, begge målt frå overkant garasjegolv. Det kan tillatast fleire bygg innanfor denne ramma dersom det totale arealet ikkje overstig 70 m² BYA, jf. plbl § 11-9, pkt. 5.
- 1.2.3 I prosjekt der bustad er kombinert med anna føremål, skal bustaden ha eigen fråskild parkering og eigen inngang, jf. plbl § 11-9, pkt. 5.

1.3 Sentrumsområde

- 1.3.1 Detaljhandel skal plasserast innafor dei senterområda som er merka av i kommuneplanen. Handelstilbodet skal dimensjonerast for å dekke det aktuelle senterområdet med omland. For etablering av kjøpesenter med BRA over 3 000 m² skal behovet dokumenterast. Nærbutikk inntil 1 000 m² med daglegvareprofil kan etablerast i tilknytning til bustadområde også utanfor senterområde.

1.4 Område for fritidseigedommar

- 1.4.1 For fritidseigedom med fritidsbustad nærare landskapsvernområde enn 50 meter skal samla maksimalt areal for bygning ikkje overstige 60 m² BRA. Mønehøgda skal maksimalt vere 4,5 meter og gesimshøgda maksimalt 3,5 meter. Det skal ikkje tillatast bod/uthus eller andre frittliggande bygningar.
- 1.4.2 For fritidseigedom med fritidsbustad i 100 m-sona mot sjø skal samla maksimalt areal for bygning ikkje overstige 80 m² BRA. Mønehøgda skal maksimalt vere 4,5 meter og gesimshøgda maksimalt 3,5 meter. Det skal ikkje tillatast bod/uthus eller andre frittliggande bygningar.
- 1.4.3 For andre fritidseigedomar skal samla maksimalt areal for fritidsbustad ikkje overstige 120 m² BRA. Mønehøgda skal maksimalt vere 4,5 meter og gesimshøgda maksimalt 3,5 meter. Det kan tillatast ei bod/ uthus på inntil 20 m² BRA. Samla bruksareal medrekna bod/uthus kan ikkje overstige 120 m² BRA.
- 1.4.4 Ikkje overbygd terrasse/platting/hellelegging og liknande på fritidseigedom kan ikkje overstige 30 m².

1.5 LNFR-område

- 1.5.1 Innafor LNFR-områda er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak som ikkje er knytt til stadbunden næring eller dele frå til slike formål. Spreidd utbygging av nærings-, bustad- og fritidshus og frådelling til slike formål er ikkje tillate.
- 1.5.2 Ved utbygging i og gjennomføring av andre tiltak i LNFR-områda skal det også leggjast vekt på ein rasjonell arealbruk og å redusere nedbygging og forbruk av jordbruksjord. Ved frådelling av eksisterande våningshus, bør tomt ikkje overstige 1 daa per bustad.
- 1.5.3 Garasje/uthus kan ha eit maksimalt bebygd areal på 50 m² BYA. Maksimal gesimshøgde kan vere 3,0 meter og maksimal mønehøgde 5,0 meter, begge målt frå overkant garasjegovl. Det kan tillatast fleire bygg innanfor denne ramma dersom det totale arealet ikkje overstig 70 m² BYA, jf. plbl § 11-9, pkt. 5.
- 1.5.4 Pkt. 1.4 i desse føresegnene gjeld tilsvarande for på-/tilbygg til eksisterande fritidsbustad i LNFR-områda.

1.6 Omsynssoner

- 1.6.1 Innafor ei sone på inntil 100 meter breidd langs verna vassdrag, målt ved normal vassføring, kan arbeid og tiltak som nemnd i plan- og bygningslova kap 20 samt frådeling til slike formål, ikkje setjast i gang før det føreligg godkjent reguleringsplan.
- 1.6.2 For å hindre flaum, kan kommunen godkjenne, evt gi pålegg om, gjennomføring av nødvendige oppreinskingstiltak i vassdrag, jf. vannressurslova paragrafene 7, 37 og 40. For verna vassdrag skal spørsmålet leggjast fram for NVE til vurdering før tiltak vert godkjent.
- 1.6.3 Massetak gnr. 101, bnr. 1
Utnytting av området for masseuttak er unntatt det generelle plankravet fastlagt i pkt. 1.1.1.
Det kan ikkje iverksetjast tiltak i området utan etter søknad og godkjenning, jf. plbl § 20-1.
Området skal etter endt masseuttak planerast og tilretteleggast for bruk som landbruksareal.
Det skal leggast vekt på god landskapstilpassing. Plan for dette skal godkjennast av kommunen.
- 1.6.4 Massetak gnr. 100, bnr 1
Før uttak av masse kan tillatast, skal det utarbeidast reguleringsplan for området, jf. pkt. 1.1.1.
Det leggast vekt på god landskapstilpassing og planen skal innehalde reglar for tilbakeføring og etterbruk.
Det skal vurderast om det skal gjennomførast etappevis tilbakeføring.

1.7 Krav til leike- og opphaldsareal

	Kategori	Størrelse	<ul style="list-style-type: none"> Krav - Tilråding
1.7.1	Grøntdrag	<p>Min. breidde: 20 m</p> <p>Maks gangavstand: 300 m</p>	<ul style="list-style-type: none"> GS-veg skal ha stigning i samsvar med UU. Benk/sitjeplass for kvar 150 m og på toppen av bakkar. <p>Leikeplassane skal knytast saman/innpassast i grønstrukturen. Avstand til leikeplass kan aukast med 50 m dersom leikeplassen blir innpassa i grønstrukturen.</p> <ul style="list-style-type: none"> Utforming skal vektlegge aldersgruppa frå 10 år og oppover
1.7.2	Sand-leikeplass	<p>Min størrelse: 250 m²</p> <p>Dimensjonert for 4-25 bustader.</p> <p>Maks gangavstand: 50 m i bustadfelt.</p> <p>Skal innehalde minst sandkasse og 4 apparat tilpassa aldersgruppa.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Tilkomst til området skal skje utan konflikt med køyrande trafikk med høgare standard enn bustadgate. Tilkomst skal ikkje leggast mot gate med gjennomgåande trafikk, mot innerkurve eller i snuhammar. Skal ha solrik og lun plassering. Skal skjermast mot støy på over 45-50 dBLpAeq. Skal innehalde areal for sandleikeplass og areal/apparat som stimulerer barnas rolleleik, fantasileik, forskartrong og fysiske ferdigheter. Skal innehalde sittegruppe. <ul style="list-style-type: none"> Utforming med tanke på mest mulig allsidig aktivitet for barn opp til 6 år.
1.7.3	Kvartalsleikeplass	<p>Min størrelse: 1500 m²</p> <p>Dimensjonert for 25-200 bustader.</p> <p>Maks gangavstand: 300 m</p> <p>Skal innehalde minst 6 apparat tilpassa alders-gruppa 6-12 år.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Tilkomst skal skje utan konflikt med køyrande trafikk med høgare standard enn bustadgate. Skal ha ei lun og solrik plassering. Skal gi plass for område/apparat som tilfredsstillar barnas rolleleik, fantasileik, utforskartrong og fysiske ferdigheter. Primært tilrettelagt for aldersgruppa 6-12 år. Skal ha eit areal for sandleikeplass. Skal minst ha ei sittegruppe og ein benk. <ul style="list-style-type: none"> Bør ha variert terreng. Område med naturleg vegetasjon attraktivt for leik bør bevarast.
1.7.4	Ballfelt	<p>Min størrelse: 2500 m²</p> <p>Dimensjonert for 150-600 bustader.</p> <p>Maks gangavstand: 400 m.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Arealet skal ha ei form og eit terreng som kan gi plass for ein bane på minimum 20 x 30m, med buffersone i tillegg. Banen skal ikkje ligge så nær veg eller bygningar at dette hindrar leiken. Behov for ballfangenett skal vurderast. Materialbruk, avstand til bustader og eventuelle støyskjermingstiltak skal vurderast. <ul style="list-style-type: none"> Tilkomst bør leggast utan konflikt med køyrande trafikk. Bør plasserast i eit område som er så plant som mulig for ikkje å få store masseinngrep. Ballfelt bør plasserast i tilknytning til kvartalsleikeplass.

	Kategori	Størrelse	• Krav - Tilråding
1.7.5	Nærmiljø-anleggspark	Min størrelse: 6000 m ² Dimensjonert for 600 - 1200 bustader.	<ul style="list-style-type: none"> • Skal ligge med god tilgjenge for bustadane. • Leikefeltet skal ha variert terreng for å opne for eit bredt spekter av leikeaktiviteter. Størrelsen på anlegg opnar m.a. for å bevare større parti med naturterreng og naturlig vegetasjon. • Ved tilrettelegging for spesielt støygnerende anlegg skal eventuelle støykonfliktar vurderast. • Det skal innpassast ballfelt og kvartalsleikeplass som del av det sentrale leikefeltet. • Skal ha aktiviteter for alle aldersgrupper. <p>- Utforming skal vektlegge aldersgruppa frå 10 år og oppover. - Tilkomst bør leggest utan konflikt med køyrande trafikk.</p>
1.7.6	Tettstadnært friområde	Maks gangavstand: 300m. Minste storleik: 20 daa Minste lengde på overordna turveg: 3 km Min breidde på delområde eller grønkorridor som bind saman område: 40 meter	<ul style="list-style-type: none"> • Bredde overordna turveg 2,0-2,5 m. Anbefalt rydebredde 4-5 m. • Deler av strekning (rundløype) skal vere tilgjengelig for rullestoler. • Benk/sitteplass for kvar 150 m og på toppen av bakker. • Minimum bredde på grøntbelte for fri ferdsel, rekreasjon og leik langs strandsonen og vassdrag (20 m på kvar side): 20 m. <p>- Turvegen bør vere belyst. - Arealstørrelse og minimums-breidder kan måtte aukast der naturmangfald skal ivaretakast.</p>

1.8 Parkeringskrav

1.8.1 Føreliggjande norm skal leggest til grunn for tilrettelegging av parkeringsplassar ved utarbeiding av reguleringsplassar og ved behandling av byggjesaker for nybygg, ombygging og bruksendring.

1.8.2 Tettstadene er inndelt i to parkeringssoner. Sone 1 omfattar sentrumsområda slik desse er avgrensa på arealplankartet, mens sone 2 omfattar den resterande delen av tettstadene samt resten av kommunen.

1.8.3 Følgjande krav gjeld i sone 1:

Alle typar bruk/bygg: Min 1,0, maks 1,5 p-plass per 100 m²

Min 50 % av parkeringsbehovet skal dekkast i underetasje, ev. gjennom frikjøp.

1.8.4 Følgjande krav gjeld i sone 2:

Bruksformål	Eining	P-krav (Min)	P-krav fellesanlegg*
Einestad med tilleggshusvære			
-Husvære < 70 m ²	Stk	1,0	
-Husvære => 70 m ²	Stk	2,0	
Konsentrert bustadprosjekt 2 < 10 bueiningar:			
-Husvære < 70 m ²	Stk	1,25	0,25
-Husvære => 70 m ²	Stk	1,5	0,5
Konsentrert bustadprosjekt > 10 bueiningar			
-Husvære < 70 m ²	Stk	1,0	0,25
-Husvære => 70 m ²	Stk	1,0	0,5
Industri/næring	100 m ²	1,5	
Kontor/forretning	100 m ²	1,5	
Offentleg/ålmennyttig			
Skule	100 m ²		
Barnehage	100 m ²	3,0	
Sjukeheim	100 m ²	1,0	
Omsorgsbustader	Stk	1,0	
Publikumsretta helsetenester	100 m ²	5,0	
Forsamlingslokale	100 m ²	20,0	
Idrettshall	100 m ²	10,0	
Fotballbane	Min	30,0	

* Min del av parkeringsbehovet som skal løysast i eit fellesanlegg.

- 1.8.5 Bruksareal (BRA) utrekna i samsvar med Norsk Standard NS 3940, bruksareal, skal leggst til grunn for utrekning av parkeringsbehov. Areal til støttefunksjonar, slik som lagerareal, tilhøyrande kontorfunksjonar, personalrom med meir, skal reknast med.
- 1.8.6 I sone 1 skal parkeringsareala primært byggast som offentleg/felles parkering. Dersom dette ikkje lar seg gjennomføre, skal parkeringa løysast på eigen grunn. Private avtalar om løysing av parkeringsbehov vil normalt ikkje bli godkjent. Eventuelle avtalar skal tinglysast.
- 1.8.7 I sone 2 skal parkeringsareal inkl. manøvreringsareal kan ikkje overstige 50 % av ubebygd tomteareal.
- 1.8.8 For verksemder (unnateke bustader) i sone 2 som har sitt maksimale parkeringsbehov til ulike tidspunkt, kan sambruk godkjennast for heile eller delar av parkeringsbehovet. Maksimal gangavstand skal ikkje overstige 150 meter. Sambruksløysing gjeld ikkje for kravet om HC-plasser.
- 1.8.9 5 % av parkeringsplassane, min 1 p-plass, skal utformast som HC-plass. Dette kravet gjeld ikkje for individuell parkering for bustader.
- 1.8.10 Ein parkeringsplass skal minimum vere på 5,0 x 2,5 m.
Ein HC-parkeringsplass skal vere på min 6,0 x 4,5 m.
Langsgåande HC-parkering skal vere på min 6,0 x 3.8 m.
- 1.8.11 For kvar garasjeplass/carport skal det framfor garasje/carport vere plass for oppstilling av ein bil på 5,0 x 2,5 m.
- 1.8.12 Der det vert tilrettelagt for parkering, skal det vere snuplass for bil på eigen grunn.
- 1.8.13 Det skal avsetjast tilstrekkeleg areal til nødvendig varelevering på eigen grunn.
- 1.8.14 For skular, barnehagar o.l. skal det avsetjast tilstrekkeleg areal og visast tilfredsstillande løysing for trafiksikker levering og henting av barn og andre brukarar.
- 1.8.15 Det er bare tillate med ein tilkomst (ut-/innkøyring) frå kommunal veg til ein eigedom/eit utbyggingsfelt. Breidda på avkøyringa skal vere maksimalt 5,0 meter.
- 1.8.16 Sykkelparkering. Det skal leggst til rette min 2 parkeringsplassar for sykkel per 100 m² BRA bustadareal. For detaljhandel, skular, idrettsanlegg og andre tilsvarande publikumsretta verksemder skal det vere min 5 parkeringsplassar for sykkel per 100 m² BRA bygningsareal. Minst 50 % av sykkelparkeringa skal plasserast nær hovudinngangen og vere overdekkta.

1.9 Forventing til utbyggingsavtalar

1.9.1 Hå kommune vil legge til grunn at utbyggingsavtalar i medhald av kap. 17 i plan- og bygningslova (plbl) skal nyttast til gjennomføringa av utbyggingstiltak der eit eller fleire av følgjande tre vilkår føreligg:

1. Utbygginga medfører at utbygger skal oppgradera eller opparbeide teknisk- og/eller grøn infrastruktur som kommunen eller andre offentlege instansar eig eller skal overta, jf m.a. plan- og bygningslova § 18-1.
2. Utbyggingsprosjekt som omfattar meir enn 10 bueiningar, meir enn 5 000 m² næringsareal og/eller har ei samla investeringsramme over 25 mill. kroner.
3. I dei tilfelle der arealplan for området stiller rekkefølgjekrav, krav til bustad- eller næringspolitiske tiltak, eller krav til andre tiltak som er naudsynte for gjennomføringa av arealplanen.

1.9.2 Hovudprinsipp for kostnadsfordeling ved intern og ekstern infrastruktur:

1. Utbygger skal stå for og koste all opparbeiding av veg, vatn, avløp, grønstruktur, leike- og friareal o.l. innafør planområdet etter gjeldande normer for slike anlegg i Hå kommune. Kommunale område eller anlegg skal, når dei er ferdige, overførast vederlagsfritt til kommunen.
2. Der utbygginga er avhengig av gjennomføring av eksterne kommunaltekniske anlegg o.l., t.d. fastlagt i rekkefølgjereglar, kan utbygger påleggjast å bidra til å finansiere desse, avhengig av i kor stor grad tiltaket også kjem til nytte for andre framtidige utbyggingar og eksisterande verksemder.

2.0 Rekkefølgjekrav

2.1.1 Det kan ikkje etablerast nye bedrifter i industriområdet Stokkalandsmarka sør (plan 1091) før ny veg nord for Brusand mellom fv. 44 og Stokkalandsvegen er opna.

2.1.2 Det kan ikkje byggast fleire enn 330 nye bustadar innafør områda vist for ny bustadbygging i Stokkalandsmarka før ny vegtilknytning ned til fv. 44 nord for Brusand er opna.

Generelt skal pbl. leggjast til grunn for føresegnene i kommuneplanen.

RETNINGSLINJER

Retningslinjer om grønnstruktur (pbl § 11-8 tredje ledd, bokstav c):

Innanfor omsynssoenen skal hovedgrønnstrukturen gjennom Stokkalandsmarka leiast. Hovedstrukturen skal tilretteleggast med universelt utforma gang- og sykkelveggar. Grønnstrukturen skal sikre samanhengande og trygge rekreasjonsområde med god tilgjengeligheit for alle. Grønnstruktur skal gi ulike opplevingar, vere varierende og legge til rette for aktivitet for allmennheten.

Grønnstrukturen skal sikre ein attraktiv og miljøvenleg transport til sentrum i Stokkalandsmarka, Brusand og togstasjonar. Torg, gatetun, sentrum, skular og barnehagar skal utviklast med god kontakt mot den overordna grønnstrukturen. Det skal lagast forbindelseslinjer mellom hovedgrønnstrukturen. Kulturminne med visuell verdi, leike- og idrettsanlegg skal koblast opp mot den overordna grønnstrukturen.

Tekniske anlegg og flomveggar kan leggast i grønnstrukturen. Ved hovudveg skal det sikrast planskilt kryssing.

Ved skjøtsel og tilrettelegging skal biologisk mangfald og kulturlandskap bevarast.

Minste breidde på hovudgrønnstrukturen er 40 meter.

Uønska, framande artar (svartlista artar) skal unngås, det skal tilstrebes å nytte stedegen vegetasjon i dei naturlege områda. Biologisk mangfald skal ivaretas, og det skal leggast stor vekt på å sikre grunnlag for biologisk mangfald.



Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 Varhaug. www.ha.no